



# Vinje kommune

## Årsmelding 2016



## Innhold

RÅDMANNENS INNLEIING.....	3
ORDFØRAREN .....	4
ORGANISASJON .....	6
HOVUDTREKK MED VEKT PÅ UTFORDRINGANE FOR KOMMUNEN .....	7
SERVICE .....	10
ØKONOMI.....	11
VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE .....	12
FOLKETAL OG FRAMTIDSUTSIKTER.....	24
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJON .....	26
PLAN OG UTVIKLING.....	33
NÆRING .....	35
SKULE.....	39
BARNEHAGE.....	44
HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER .....	49
VINJE KJØKENDRIFT.....	63
TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD .....	64
KULTUR .....	67
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD .....	71
REGIONALT SAMARBEID .....	73

## RÅDMANNENS INNLEIING

**Kommunen si årsmelding skildrar utviklingstrekk og viktige hendingar for Vinje kommune gjennom året 2016.**

Kommunens økonomisituasjon kviler tungt på kraftinntektene. Både kampen for å hindre reduksjon i eigedomsskatteinntektene, og oppstart av forhandlingar om ny særavtale, har vore viktige saker for kommunen i 2016.

Det er i årsbudsjett og handlingsprogram 2016 – 2019 vedtatt måleindikatorar for økonomi og tenesteyting. Med mange innfridde målsetjingar, og eit netto driftsresultat på 6,7%, har ein samla sett nådd eit godt resultat. Likevel ser rådmannen at bak dette resultatet, så er det manglande måloppnåing og avvik innan økonomistyring som vi ikkje kan vere nøgde med.

På Kommunal Rapport sitt «Kommunebarometer» skårar kommunen samla sett middels og ligg an til ein 192. plass, men er heilt i toppsjiktet innan helse. Kommunen er også inne på Topp 100-lista når det gjeld barnehage, barnevern og pleie- og omsorg.

Vinje satsar på gode oppvekstvilkår for barn og unge. Rauland barnehage gjenopna i august med ny avdeling og har no 90 plassar for barn i alderen 1-6 år. UNICEF Noreg har for perioden 2012 - 2015 kartlagt korleis det står til i norske kommunar når det gjeld prioriteringar for og tilbod til norske barn innan felte barnehage, grunnskule, kommunehelseteneste og barnevern. Område som er svært viktige for eit barn sine rettar, utvikling, framtid - og liv. UNICEF kartla kor mykje pengar kvar kommune bruker på dei ulike felte - og korleis dei brukte pengane. Vinje toppar landsstatistikken for dei tre føregåande åra og er rangert som nr 4 hausten 2016. Dette understrekar viljen til å prioritere barn og unge.

Når dette blir skrive er me allereie langt inne i 2017 og skal vidareføre det gode arbeidet frå 2016. Å jobbe i Vinje kommune ønskjer rådmannen skal vere positivt med omsyn til både arbeidsoppgåvene, kollegaene og arbeidsgjevar; kort sagt *godt medarbeidarskap*. Arbeidet med medarbeidarskap vart i 2016 følgt opp med ei medarbeidarundersøking i heile organisasjonen. Vi fekk svar frå 435 av dei tilsette, som utgjer 80% av arbeidstakarane. Dette gjev oss eit godt grunnlag for å jobbe med handlingsplanar og kontinuerleg forbetring framover.

Jan Myrekrok  
Rådmann

## ORDFØRAREN

2016 var nok eit aktivt år i Vinje-politikken. Ein sak som endeleg kom på plass etter mange års prøvetid, var permanent ordning med rekreasjonsløyper for snøskuter. Dette er ei ordning som mange i Vinje sett stor pris på, men som har levd i uvisse frå år til år om vi har fått oppretthalde. No er den på plass for godt.

Innan næringsutvikling blei det gjort vedtak om aksjekjøp i RN Eigedom as. Selskapet har som føremål å byggje og drive eit nytt næringsbygg på Rauland knytt til Rehabiliteringssenteret AiR. Det ligg ann til eit kontorbygg på ca. 30 kontor som vi vonar kan vere med å legge til rette for etablerte og nye arbeidsplassar.

Det var eit stort fokus på vald i nære relasjonar, og kommunestyret vedtok handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Dette auka fokuset og plan for handling er viktig for førebygging, oppdaging og hjelp i vonde tilhøve. Vi våga å ta dette på alvor.

Elles har året vore prega av mykje fokus frå hyttefolk på ombytemodellen, og mange søknader om dispensasjon for bruksendring frå tvungen utleige av privateigd hytte (blå) til vanleg fritidshytte (gul). Politikarane har forsøkt å halde ein stø kurs i eit krevjande saksfelt, og har skapt auka føreseieleg resultat proporsjonalt med talet saker dei har handsama.

Ringverknadsanalyse for reiselivet frå Menon før jol, dokumenterte at hyttebygging og reiseliv omsett for kr. 600 millionar pr. år i Vinje. Verdskapinga som blir att i kommunen er kr. 260 mill. pr. år. Den årelange politiske, villa satsinga på hytter og reiseliv har gjeve resultat, og blei no det dokumentert.

Statens vegvesen har på oppdrag frå Regjeringa arbeidd med konseptvalutgreiing for trasé for framtidig E-134 mellom Vågslid og Gvammen. Kommunestyret i Vinje uttalte i høyring at vi ynskjer det nordre alternativet som kjem til å gå gjennom Øyfjell og syd for Totak.

Kraftfond Møsstrond på 25 millionar kroner kom på plass med eigne vedtekter og styre. Med dette har Møstrendingane fått eit nytt verkemiddel for å stø næringsutvikling og busetting i den delen av kommunen. Møsstrond er på eit vis Nilens opphav når det gjeld vassdraget nedover mot Rjukan og Notodden, og Møstrendingane sine offer har vore ei føresetnad for industrieventyret som no har status som verdsarv. Kommunestyret vedtok i 2016 Forvaltningsplan for Rjukan Notodden industriarv – verdsarven.

Andre saker underteikna har brukt mykje tid på har vore framdrift og arbeid for utvikling når det gjeld Vinje-senteret, Politireforma, base for luftambulans og næringsutvikling.

Kommunestyret handsama i alt 122 saker i 2016. Takk til alle folkevalde for at dei gjer ein viktig jobb for kommunen og innbyggjarane.

Jon Rikard Kleven  
Ordfører



Kommunestyret 2015-2019

## ORGANISASJON



Rådmann  
**Jan Myrekrok**



Assisterende rådmann  
**Anders Sandvik**



Plan- og økonomisjef  
**Gry Åsne Wienenga**  
Økonomi, plan og utvikling



Tenestetorgsjef  
**Sten Andersen**  
Tenestetorget



Kultursjef  
**Signe Marie Kittelsaa**  
Kultur



Reinholdssjef  
**Signe Olesrud**  
Reinhold og tekstil



Næringsjef  
**Toril Nicolaisen**  
Næringskontoret



Barnehagesjef  
**Katrine Grindalen**  
Edland barnehage



Barnehagesjef  
**Heidi Rønningen**  
Rauland barnehage



Barnehagesjef  
**Gerd L. Kroken**  
Hakkespetta barnehage



Konstituert skulesjef  
**Wenche H. Røsholt**  
Rauland skule




Skulesjef  
**Heidi Hylland**  
Edland skule



Kjøkensjef  
**Torgim Thomassen**  
Vinje kjøkendrift



Driftssjef  
**Åge Verpe**  
Teknisk drift og vedlikehold



Skulesjef  
**Marit K. Hovind**  
Amot skule



Skulesjef  
**Dag Rune Sandvik**  
Øuffell oppvekstsenter



Helse- og omsorgssjef  
**Kari Dalen**  
Helse- og omsorgssjef



NAV-leiar  
**Gerd Kari Skaalen**  
NAV-Vinje

# HOVUDTREKK MED VEKT PÅ UTFORDRINGANE FOR KOMMUNEN

## Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei samanlikning av landets kommunar, basert på til saman 123 nøkkeltall innan 12 ulike sektorer. Formålet er å gje dei som skal fatte vedtak– særleg lokalpolitikarar – ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen vert driven.

Tala er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrås Kostra-database, førebelse tal for 2016. I tillegg har me henta offentleg statistikk frå ein del andre kjelder, både andre tal frå SSB, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

Det er naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege resultat. Ein kommune med lågt inntektsnivå vil også generelt ha dårlegare plasseringar enn ein kommune med høge inntekter. Derfor er det viktig å sjå samanhengar, og ikkje sjå seg blind på tabellplasseringa. Likevel ser ein at ein del kommunar klart skil seg ut, og det er til dels store forskjellar mellom dei beste og svakaste kommunane innan kvar sektor. Ein ser også at fleire klarar å kombinere stram pengebruk med omfattande tilbod til brukarane.

I små kommunar kan sjølvsagt spesielle tilhøve gje kraftige utslag. Det er viktig å sjå etter årsak til at kommunen kjem godt eller dårleg ut. Ein dårleg karakter kan også ha ei god forklaring. Plasseringa på Kommunebarometeret er ikkje alltid fasiten.

Tekst i *ramme og kursiv* er henta frå Kommunebarometeret, dette er mellombelse tal, dei endelege tabellane blir publisert i juni.

Vinje er på 192. plass i Kommunebarometeret 2016. Dette er før ein tek omsyn til økonomiske rammebetingelser.

Målt mot resten av Kommune-Noreg er nøkkeltalla samla sett midt på treet. Nøkkeltallene er litt svakare enn økonomiske føresetnader skulle tilsei. **Huvs at den endelege tabellen blir publisert i juni.** I totaltabellen - men berre der - justerer ein for korrigert inntekt. Kommunen havnar ganske langt nede på totaltabellen.

Vinje er helt i toppsjiktet innan helse. Kommunen er også inne på Topp 100-lista kva gjelder barnehage, barnevern og pleie og omsorg.

Ser vi bort frå kommunanes ulike økonomiske utgangspunkt, kjem Vinje førebels på ein 113. plass, mot 56. plass i fjor.

Nøkkeltala er litt svakare enn korrigert inntektsnivå skulle tilseie.

Kommunar som havnar i toppen av barometeret har generelt klart fleire gode plasseringar enn andre, men det er ikkje slik at ein skilde kommunar er i toppen på alle område, medan andre er heilt i botn. I snitt har ein kommune like mange gode som svake plasseringar. Det er den totalt miksen som avgjer plasseringa.

Ein kommune som får ei svak plassering treng ikkje ha dårlege tenester og er ikkje ein dårleg stad å bu. Poenget er at kommunen sannsynlegvis har noko å lære av liknande kommunar som ligg i toppen av den same tabellen.

Med store inntekter skal det følgje gode plasseringar innan dei ulike sektorane. Vinje er i toppsjiktet innan helse, og har og Topp 100-plasseringar innan kultur, barnevern og økonomi. Burde det vore fleire plasseringar i toppen?

Nøkkeltalla som trekkjer mest ned er som vanleg kostnadsnivået. Kommunen har råd til å bruke mykje pengar, det gjeld å få nok igjen for dei. Det blir og ei svak plassering innan miljø og ressursar og vatn, avløp og renovasjon. Innan grunnskule og barnehage er det langt svakare plassering enn tidligare.

#### **Nokre hovudfunn i analyse:**

Innan administrasjon ligg Vinje 49 prosent over snittet, dvs. 1910 kroner over landsgjennomsnittet, målt per innbyggjar.

Skuleresultata svingar i ein relativt liten kommune, men det er stor forskjell på prestasjonane på nasjonale prøver og dei generelt klart betre avgangskarakterane. Kvifor er det slik?

Fråfallet på vidaregåande blant elever frå kommunen er blant det lågaste i landet, det er kanskje viktigare.

Kommunen har litt meir heimebasert eldreomsorg enn normalkommunen. På sjukeheim blei det ein del mindre tid med lege og fysioterapeut i fjor, men omfanget er fortsatt betre enn i normalkommunen. Målt mot kor mange gamle som faktisk bur på sjukeheim er det ganske mange plassar for demente, i alle fall målt mot resten av landet.

Få av bebruarane på sjukeheim ved nyttår hadde tilsyn av lege i fjor, skal vi tru statistikken.



Statistikken for sakshandsaming i barnevernet er god, men i fjor var det for fyrste gong på tre år nokre saker som tok meir enn 3 månader å handsame. 3 av 4 saker har tiltak i heimen, det er bra.

Bemanninga i barnehagane er bra. Knappt 2 av 3 minoritetsspråklige barn gjeng no i barnehage, det er litt under normalen i Vinje og klårt under landsgjennomsnittet (74 prosent).

Korrigert netto driftsresultat var godt i fjor, men kanskje ikkje meir enn ein skal vente av ein rik kommune?

Disposisjonsfondet aukar og er for så vidt solid. Har kommunestyret sett eit mål for kor stor bufferen skal vere? Kommunen har lite renteeksponert gjeld, og netto finans utgjer som vanlig berre ein liten kostnad.

Knappt nokon driv grunnskulen, pleie og omsorg og barnehagane så dyrt som Vinje. Fer kommunen verkeleg valuta for pengane? Berre i fjor auka kostnaden i desse tre sektorane samla med 1.200 kroner per innbyggjar, korrigert for utgiftsbehovet. Då hjelper det lite at barnevernet blei langt billigare og nærmar seg dei rimeligaste i landet. Innan kommunehelse og administrasjon har kommunen og svært høge kostnader.

Målet med kommunen er ikkje å drive billigast mogleg, men å ha rett kostnad ut frå korleis tilbodet er prioritert og befolkninga samansett. Ei høgt prioritert teneste bør ha en høgare kostnad enn ei som er lågt prioritert, målt mot resten av landet

[Kommunebarometeret](#)

## Plasseringer totalt 2010-2016

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
<b>Totalplassering (rapportert)</b>	327	138	34	55	151	176	300
<b>Totalplassering (oppdatert/sammenliknbar)</b>	305	276	174	137	35	104	300
<b>Uten hensyn til økonomiske vilkår (oppdatert/sammenliknbar)</b>	65	40	13	11	2	15	113
<b>Rangering inntektsnivå</b>	28	28	23	29	32	30	21


2016 er justert til 192 plass pr. 30.03.17

## SERVICE

Service er viktig for Vinje kommune. Me ynskjer at brukarar av kommunen skal oppleve at dei får ei god oppleving når dei er i kontakt med våre medarbeidarar – anten det er på Tenestetorget, den øvrige administrasjonen eller ute i dei ulike einingane som sjukeheim, barnehage, skule med meir. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange einingar i kommunen. Dette er tidssparande for brukarane, men også for sakshandsamarane Tenestetorget utfører tenester for. Derfor er det stor breidde på kompetansen blant dei som er tilsett på Tenestetorget.

Forbrukarrådet har gjennom ei årrekke vendt seg til kommunar med spørsmål folk flest lurar på, slik som heimhjelp, kvalitet i skulefritidsordninga, byggesaksreglar og tilbod i kulturskulen. Undersøkinga syner at Vinje er landets nest beste over tid, og er einaste småkommune inne på topp 10. Vinje er ein av ni kommunar som har gjeve tilbakemelding på kva som er deira suksessoppskrift på god service. Dette har resultert i ein eigen rapport «Best på service – slik arbeider de beste» som er sendt til kommunar med dårlegare resultat.

### Norge



### Kommuneoversikt

	Kommune	Poeng
1	Asker	79.2
2	Vinje	74.3
3	Nes	72.7
4	Bærum	72.6
5	Hamar	71.2
6	Ringerike	70.6
7	Trondheim	70.6
8	Enebakk	70.0
9	Rælingen	69.7
10	Sarpsborg	69.2
11	Haugesund	69.1
12	Sandefjord	68.9

## ØKONOMI

Korrigert netto driftsresultat var bra i Vinje i fjor, langt over anbefalingane frå Teknisk berekningsutval (1,75 %). Resultatet var langt betre enn for eitt år sidan. Målt over dei siste fire åra har kommunen hatt ein driftsmargin klart i pluss.

Kommunen har eit solid disposisjonsfond, som normalt vil vera stort nok til å handtere plutslege økonomiske utføringar. Målt mot løypande inntekter er fondet noko større enn for eitt år sidan.

Netto renteesponert gjeld er ganske låg, målt mot brutto driftsinntekter. Det seiste året har gjeldsgraden gått klart ned. Vinje bør klare greitt å betene gjelda. Netto finans, før avdrag, utgjer ein relativt liten utgift. Investeringsnivået har vore litt høgt i Vinje dei fire seiste åra.

Vinje har eit oppsamla premieavvik i balansen som skal føras som driftsutgift i åra framover. Det bør vere mogleg å handtere.

Renteesponert gjeld er noko lågare enn landsgjennomsnittet (33 prosent), målt mot brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden gjekk klart ned i fjor. Vinje bør klare greitt å betene gjelda. Netto finans, før avdrag, utgjer ein relativt liten utgift.

Sett over dei fire seiste åra har investeringane vore litt over normalnivået i Kommune-Norge. Behandlingstida for eitt-trinns søknader er ganske kort.

Vinje har eit oppsamla premieavvik i balansen som skal førast som driftsutgift i åra framover. Det bør vere mogleg å handtere.

#### Kostnadsnivå:

Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) er blant dei høgaste i landet. I Vinje ligg kostnaden pr. innbyggjar 28 prosent over landsgjennomsnittet. Det er altså etter at ein har korrigert for forskjellar kommunane imellom.

Innan pleie og omsorg er kommunen blant dei dyrast drivne i landet. Målt pr. innbyggjar er den korrigerte kostnaden 47 prosent over landsgjennomsnittet.

Få driv barnehagane så dyrt som Vinje. Korrigert kostnad til barnehage pr. brukar er 28 prosent over landsgjennomsnittet.

Barnevernet kostar 18 prosent mindre enn landsgjennomsnittet, målt pr. innbyggjar.

#### Kommunebarometeret

## VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE

### KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe av 37 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar. Det er framleis 16 kommunar som ikkje har rapportert, og det kan gje utslag på samanlikningane i Kostragruppa vår.

### Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenesteområda.


#### Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,7	3,9	1,5	1,9
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	6,7	3,7	4,8	4,6
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	209,5	228,4	200,4	178,9
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5,7	6,3	0,9	13,4
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	60 896	60 166	62 705	60 879
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	103 297	83 320	54 189	41 821

Vinje kommune har til liks med dei fleste andre kommunar betre resultat enn fjoråret, og står seg fortsatt godt samanlikna med mange.


## Brutto driftsinntekter i %, fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Både rammetilskot og andre statstilskot er låge, målt som del av totalen, medan "Sals- og leigeinntekter" og "Andre driftsinntekter" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Vi har meir inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.



## Prioritering av oppgåver

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane i høve til kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg i liten grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg høgt på tekniske tenester (VAR), og litt høgare enn like kommunar på næringsarbeid og planlegging.

Kraftinntekter vert nytta til å finansiere desse tre områda. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for ein så omfattande aktivitet. I tillegg ligg Vinje høgt på helse og omsorg i høve til like kommunar.

På områda administrasjon og styring, barnehage, grunnskoleopplæring, barnevern og sosialteneste brukar Vinje mindre ressursar enn samanliknbare kommunar.

### Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur på fleire område.

Økonomibarometeret frå Kommunal Rapport syner at kommunen har variable resultat innom ulike nøkkeltal som avisa har valt ut (plassiffer).

Korrigert inntektsnivå	Foreløpig rangering ØKOM	Foreløpig rangering ØKONOMI fylk	Foreløpig rangering ØKONOMI	Korrigert netto driftsresultat siste år, i prosent av brutto	Korrigert netto driftsresultat siste fire år, i prosent av brutto	Brutto driftsresultat siste år i prosent av brutto driftsinnter	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinnter	Endring i disposisjonsfond siste år	Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinnter	Endring i renteeksponert gjeld siste år	I prosent av brutto driftsinnter, eksklusive avdrag	Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinnter	Andel av investeringane som finansieres med lån, siste fire år	Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinnter
146	175	9	10	234	121	155	226	407	90	111	171	325	43	241


## Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, løn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomiforvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, og hatt relativt stabile netto driftskostnader. Netto driftsresultatet for 2016 syner eit overskot på 34,5 mill., mot 30,4 mill. i overskot for 2015. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk syner at Vinje hadde eit mindreforbruk i 2016 på 10,4 mill. mot balanse i 2015 etter redusert avsetjing til fond med 5,4 mill.

Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatmengrepet ikkje fangar opp alle kostnadar slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (var tidligare 3%) . er ikkje trekte frå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna.

## Utvikling i brutto- og netto driftsresultat




Årsakene til eit betre resultat er kort oppsummera:

- Auka sals- og leigeinntekter
- Auka inntekts- og formuesskatt
- Auka direkte og indirekte skatter

#### Utgiftsfordeling i 2016 (i 1 000 kr)


Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.



Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med nesten 23,9 millionar frå 2015 til 2016. Kommunen brukte nesten 1,8 million meir på varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon, samstundes som ein også kjøpte meir tenester utanfrå.


Ca 63% av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, sama nivå som 2015.

Lønnsrelaterte utgifter utgjer vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene er i underkant av 60,7 millionar, og auken på 3,5 mill. frå 2015 til 2016 knytter seg til auka lønsutgifter. Kommunen betalte 28,4 millionar i arbeidsgjevaravgift i fjor. Figuren under syner fordeling mellom lønn og godtgjering, pensjonar og arbeidsgjevaravgift i perioden 2012-2016.




## Gjeld

Gjennom året har vekta gjennomsnittrente variert frå 2,23 % ved inngangen til året, til 1,94 % ved utgangen av året. Grunnen til reduksjonen er fallande marknadsrente. Trass i ein gjeldsauke på ca 31 millionar, har renteutgiftene gått ned med 381 000 kr i 2016 samanlikna med 2015.




Gjelda har halde seg høg dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. I forvaltninga søkjer ein å oppnå stabile finansutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av det historisk låge rentenivået. Rentenivået på låneportefølja er i tråd med- og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til finansreglementets krav har. Største enkeltlån ( NOK 80 mill.) utgjer 17,60 % av total lånegjeld, og kravet her er 20%.

Tilhøvet mellom korte og lange fastrenter og flytande rente ser ein i figuren under. Utover eit lite lån på kr 150 000 hjå Rismyrlegatet, hadde kommunen ved årets utgang plassert sine innlån i seks låneinstitusjonar, som går fram av figuren under.







## Renteinntekter


Vinje kommune har, i tillegg til driftskonti i Tinn sparebank og DnB, siste fem år plassert 35 mill. kr i overskotslikviditet gjennom Gjensidige Investeringsrådgiving og 10 mill. i KLP. Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 1 månads NIBOR. Plasseringa i Gjensidige har siste året hatt ein svak utvikling samanlikna med tidlegare år. Med nytt finansreglement har ein justere porteføljen hos Gjensidige noko, slik at ein optimaliserer avkastinga.

## Tidsvekta avkastning i 2016


**2016 var eit utfordrande år;** oljeprisen fall i jan-feb. og enda ut på 27 usd/fatet, Storbritannia stemde for å gå ut av EU i juni, Trumps overraskande valsiger i november og krona som styrkte seg 9%. På tross av korreksjonane, som dette gav aksjemarknaden, klarte ein å navigere seg fram til ein **sær god avkastning for året på 4,51 %**

**Obligasjonar** gav meiravkastning fordi vi valde ut rente forvalta med lengre løpetid. Når dei lange rentene fall, gav dette ein god kursgevinst gjennom året. Høgrente obligasjonar gav og meiravkastning, fordi kredittpåslaget sank betrakteleg frå vi gjekk inn og gjennom året.

**Aksjar** starta året med ein ordentleg nedgang som følge av oljekrakket. Vi vekta opp aksjar i mars igjen og fikk ein ordentleg god avkastning ut året.




Marknadsverdien ved nyttår 2015 var kr 35.187.501,-. I løpet av 2016 har verdien stige til 36.848.000,- kr. Dette beløpet fordeler seg slik på dei ulike aktiva klassane:



### Likviditet


Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon i 2016. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca. 117,2 mill. kr innestående på konto, medrekna den plasserte overskotslikviditeten på 35 mill. i Gjensidige og 10 mill. i KLP. Dette er 8,3 mill. høgare enn 2015.

Figuren under gjev eit bilete på situasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




## Investeringane

Vinje hadde i 2016 ein lågare aktivitet på investeringsfronten enn 2015 og 2014.




Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapan opp i hovudtal, ser ein som vanleg at investering i anleggsmidlar er dominerande. I 2015 var det utlån mellom ana til E134 på kr 15 mill. som drog opp søyla for utlån, i 2016 var utlån kr 400 000, aksjekaup RN Eigedom AS kr 4 mill. og KLP kr 1,3 mill.




## Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er på omtrent sama nivå som 2015. Både auken i anleggsmidlar på vel 47 mill. kr, og ca. 30 mill. meir i sum omløpsmidlar gjer at biletet vert endra. Totalkapitalen er på nesten 1,9 milliardar kr og har auka med 4,3 % i løpet av 2016.



## Fondsmidlar

Figuren under syner utviklinga i fondsbeholdninga ved utgangen av dei 5 siste rekneskapsåra. Behaldninga auka frå ca. 129 mill. i 2015 til 135,5 mill. i 2016. Største del av auka er relatert til konsesjonsavgiftsfond. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einskilde år. Figuren under baserer seg på note 6 i rekneskapen.




## Verksemda

### *Investeringar*

Det blei investert for 63 mill. i anleggsmidlar i rapporteringsåret, mot 66,7 mill. året før. Kommunen betalte eigenkapitalinnskott i KLP på kr drygt 1,3 mill. kr. Det blei lånt ut 400 000,- i startlån og betalt kr 925 000 avdrag. I 2016 kjøpte også kommunen aksjar for kr 4 mill. i RN Eigedom AS.

Rekneskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne leidningsnett vatn generelt Rauland 13,8 mill. , på-/ombygging Rauland barnehage med 11 mill. ,vassverk Rauland 6,7 mill. og omsorgssenter Rauland 4,7 mill. Investeringsrekneskapen kjem ut med eit resultat i balanse for 2016.

Dersom ein gjer ei samanlikning over tid, så ser ein at 44,4 % av investeringane siste fire år er lånefinansierte. Andelen var noko lågare i 2013 og 2014, for så å ha auka noko i 2015 og 2016.



### **Drift**

Vinje kommune har eit mindreforbruk på kr 10,3 mill. i 2016. Om ein ser burt frå helse og omsorg, syner rekneskapen jamt over gode resultat for einingane.

Tabellen på under syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultat-einingar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling av driftsresultat 2015 jf. Note 11 i rekneskapen				
	Mindreforbruk		Meirforbruk	
Eining:	2016	2015	2016	2015
Rådmannen	16 817	333 676		
Sosial	172 946	183 015		
Økonomi, plan og utvikling	868 962	1 389 806		
Organisasjon, arkiv og IKT			1 621 162	1 570 940
Tenestetorget	1 269 937	755 069		
Barnevern	873 687	625 201		
Rauland skule	833 158	198 557		
Åmot skule	579 101	451 632		
Edland skule	178 406			214 135
Øyfell oppvekstsenter	222 482	171 669		
Åmot barnehage	501 748	111 749		
Rauland barnehage				431 603
Edland barnehage			98 079	161 487
Helse og omsorg			8 657 001	5 060 474
Kultur	1 246 436			283 921
Kjøkendrift	240 543	257 358		
Teknisk drift og vedlikehald	1 205 526			575 792
Reinhald og tekstil		160 986	770 188	
Næringskontoret	1 394 028	535 076		
Sjølvkost byggesak, oppm., plan	71 560			
<sjølvkost VARF			160 257	
<b>Sum einingar</b>	<b>10 123 597</b>	<b>5 173 794</b>	<b>11 306 687</b>	<b>8 298 352</b>
Overført frå drift til investering				
Særavtalekraft	2 763 000			2 315 095
Rammetilskot		1 574 833	1152000	
Konsesjonskraft inntekter	3 643 000			2 179 170
Fellesutg skule/barnehage		546 827		
Tilkoplingsgebyr		95 728		
Skattar/E.skatt	4 893 000			1 209 731
Flyktingtilskot	53 000	323 832		
Renter og avdrag m.m.	357 000			118 918
Konsesjonsavgifter	2 121 000	1 863 670		9
Bruk fond /underskot			641000	
Gebyr/tap på krav			489 544	881 324
<b>Rekneskapsres. einingane</b>	<b>10 123 597</b>	<b>5 173 794</b>	<b>11 306 687</b>	<b>8 298 352</b>
Reknesk.res. utanom einingane	13 830 000	4 404 890	2 282 544	6 704 238
<b>Samla rekneskapsresultat</b>	<b>23 953 597</b>	<b>9 578 684</b>	<b>13 589 231</b>	<b>15 002 590</b>

Når ein vurderer resultatata må ein hugse på at resultatet, som kjem fram i rekneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette over fleire år.

### Økonomisk styring – budsjettavvik

Det samla budsjettresultatet i einingane er i korte trekk prega av moderate utgifter til drift. Under følgjer kommentarar til dei største avvika og endringane:

#### *Økonomi, plan og utvikling*

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca. 0,9 mill. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på i underkant av kr 1,4 mill. frå 2015, samt at ein har hatt redusert bemanning i deler av 2016.

#### *Tenestetorget*

Har eit mindreforbruk på om lag kr 1,3 mill. som skriv seg frå lågare lønskostnader på grunn av tidlegare nedbemanning, lågare kostnader til KLP enn budsjetter, utsett utvikling av nettløysingar til 2017, samt tidlegare års mindreforbruk.

#### *Næringskontoret*

Eininga hadde eit mindreforbruk på om lag kr 1,4 mill. Avviket skuldast at prosjekt Aktivt liv i sentrum blei utsett til 2017, samt at dei fekk med seg eit mindreforbruk på om lag kr 0,5 mill. frå 2015.

#### *Vinje helse- og omsorgstenester*

Meirforbruk på ca. 8,7 mill. skuldast hovudsakleg auka lønnskostnader, innleige frå vikarbyrå grunna vanskar med å rekruttere sjukepleiar natt til nattpatrolje Åmot og auka lisenskostnader (IT). Det er sett i gang eit prosjekt i samarbeid med ØPU for å analysere kostnads- og inntektssida, gå gjennom rutinar på tvers av einingane og finne tiltak for kutt og korrigering. Målet er å få ei korrekt ramme og gode rutinar inn mot 2018.

#### *Kultur*

Eininga hadde eit mindreforbruk på kr 1,3 mill. i 2016 mot eit meirforbruk på ca. kr 0,3 mill. i 2015. Avviket er hovudsakleg relatert til sjukefråvær og permisjonar.

#### *Teknisk drift og vedlikehald*

Mindreforbruk på om lag kr 1,2 mill. skuldast manglande betaling av teneste til Vinje IL for badeanlegg 2016 – blir betala i 2017, samt noko mindre utgifter knytt til vegvedlikehald enn budsjettera.

#### *Organisasjon, arkiv og IKT*

Meirforbruket på eininga skuldast stort sett meir/uførutsette utgifter på IKT, samt underbudsjettering på løn og sosiale utgifter.

**Reinhold og tekstil**

Eininga hadde eit meirforbruk på om omlag kr 0,8 mill. i 2016. Avviket skuldast hovudsakleg auka lønsutgifter i samband med utvida reinhaldsareal og innleie av vikarar.


**FOLKETAL OG FRAMTIDSUTSIKTER**

## Folketalsutvikling

Vinje kommune har i fleire år hatt variasjon i folketalsutviklinga. Sidan den store boomen med kraftutbygging på sekstitalet har det stort sett gått nedover frå toppåret 1964 med då 4 221 innbyggjarar. Dei siste ti åra har Vinje totalt sett hatt ei lita folketalsauke frå 3 694 til 3 727. I eit moderne samfunn er mange menneske til ei kvar tid på flyttefot, og for Vinje er målet i fyrste omgang å få så mange som mogleg til å bli buande av dei som er innom.

## Folketal i Vinje 1. januar, SSB

1996	2001	2006	2011	2015	2016
4 010	3 832	3 694	3 661	3 727	3 726





## Framtidsbarometeret

«Framtidsbarometeret bruker **elleve ulike indikatorer** for å spå hvilket økonomisk handlingsrom kommunene vil ha i 2020, som er siste år i kommende økonomiplanperiode. Våre analyser viser at **distriktskommuner med allerede presset økonomi** står klart dårligst rustet for framtiden».

I tabellen listar dei opp dei viktigaste indikatorane som er brukt. Skalaen gjeng frå 6 (størst venta folkevekst/best økonomi) til 1 (dårligast venta befolkningsutvikling/dårligast økonomi).

Tabell med nokre samanlikningar:

Knr	Kommune	Folketal	Grunnskule	Eldre	Driftsresultat	Disp.fond	Kostnadsnivå
834	Vinje	3,4	4	2,5	4,2	4,2	1
941	Bykle	6	6	6	6	6	1
828	Seljord	3,2	5,1	1,7	3,7	3,6	4,2
826	Tinn	2,8	1,7	1	3,5	3,1	1
833	Tokke	2,2	4,3	3,3	1	1	1

### Framtidsbarometer for Vinje:

- Veksten i **folketall** blir middels dei neste åra.
- Talet på **elever** veks litt raskare enn i normalkommunen dei neste åra.
- Talet på **gamle** over 80 år blir omtrent uendra fram til 2020 i **Vinje**.
- Ein forventar at korrigert netto **driftsresultat** nasjonalt vil falle i åra framover, sidan det i 2015 og 2016 ser ut til å vere på særleg høge nivå. I **Vinje** ventar vi likevel eit godt **driftsresultat** i 2020, langt over det anbefalte nivået på 1,75 prosent.
- **Disposisjonsfondet** forventar vi kjem til å vere ganske stort ved utgangen av økonomiplanperioden, og vil representere ein solid buffer i rekneskapen.
- **Kostnadsnivået** innan dei viktigaste sektorane, justert for utgiftsbehovet, er blant det høgste i landet. Ein føresetnad for å drive så dyrt er at kommunen og har svært høge inntekter, elles blir det vanskeleg.
- Berekningane av **korrigert inntektsnivå** visar at **Vinje** er blant dei rikaste i landet».

### Kommunebarometeret

## MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJON

### Medarbeidarutvikling

Både godt leiarskap og godt medarbeidarskap<sup>1</sup> må til for å ha ein vel fungerande organisasjon. I 2016 avslutta ein ei kursrekke på i alt 21 kurs. Til saman har ca. 430 medarbeidarar i kommunen delteke på desse kursa. Målsetjingane for medarbeidarskap i Vinje er uttrykt slik:

- **Betre tenester**
- **Høgare brukartilfredsheit**
- **Myndige og sjølvstendige medarbeidarar**
- **Mindre avvik ved tilsyn**
- **Høgare tilfredsheit**
- **Lågare sjukefråvere**
- **Betre resultat i KOSTRA og Kommunebarometeret**
- **Alle gjennomfører medarbeidersamtaler kvart år**

Fokuset på medarbeidarskap vart mellom anna følgt opp på vårparten i 2016 gjennom medarbeidarundersøkinga «10-faktor», som er eit verktøy for utvikling av godt leiarskap og medarbeidarskap. Vi fekk svar frå 435 av dei tilsette, som utgjer 80% av arbeidstakarane, og det må ein seie seg nøgd med. Det vil føre for langt her å gjennomgå alt materialet, men samanlikna andre kommunar som har gjennomført undersøkinga, så skårar Vinje i gjennomsnitt 3% lågare. Resultata syner at ein særleg må jobbe med desse tre områda:

Meistringsorientert leiing	Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.
Relevant kompetanseutvikling	Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rust til å utføre sine oppgåver med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenester som blir levert, uansett kva type teneste vi snakkar om.
Meistringsklima	I eit meistringsklima motiverast medarbeidarane av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode, framfor å rivalisere om å bli best.

Funna i medarbeidarundersøkinga blir følgt opp gjennom einingsvise handlingsplanar og kurs. Neste medarbeidarundersøking kjem i 2018.

<sup>1</sup> M. er summen av korleis eg forhold meg til arbeidsoppgåvene, arbeidskollegaer og arbeidsgjevaren

## Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Vinje kommune har vedteke etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde. Dei vart sist reviderte i 2013.

*Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.*

Som forvaltar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til etisk haldning hjå den enkelte.

### Innhald i dei etiske retningslinjene er:

- Retningslinjer for tilsette sin bruk av sosiale media
- Bedriftskultur
- Informasjon
- Gåver og innkjøp

I mai gjennomførte kommunestyret eit halvdagsseminar med advokat firma Steenstrup Stordrange der tema var:


- ✓ Kvifor er det viktig å førebyggje korrupsjon i kommunen?
- ✓ Kva er korrupsjon?
- ✓ Korleis kan kommunen førebyggje korrupsjon?
- ✓

## Personalpolitikk

Støtteininga Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for overordna personalarbeid.

## Tal på årsverk

Tal på årsverk har hatt ein liten auke det siste året.



## Likestilling og diskriminering

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker siste året som har vore direkte knytt opp til temaet likestilling.

I kommunens administrative leiing, rådmann og einingsleiarar, er 12 av 17 leiarar kvinner.

Mangfald handlar om å kombinere ulikskap, slik at breidda i erfaringar og tenkjemåtar kan bidra til utvikling og nyskaping. I samband med rekruttering, freistar ein å tilsetje kandidatar frå det underrepresenterte kjønn. Det vert også tilsett personar med anna språkbakgrunn dersom dette høver, for å møte krava i diskriminerings- og tilgjengelighetslovgevinga.

Vinje kommune deltek i KS-nettverket for Universell Utforming.

<http://www.ks.no/fagomrader/helse-og-velferd/bolig-og-universell-utforming/kommunenettverk-universell-utforming1/>

## Lærlingar

Kommunen har 5 lærlingar innan helsefag (3 nye tilsett i 2016) og 2 innan barne- og ungdomsfag. Det er ei auke frå 2015. Læretida er to år.

Vinje kommune er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentlig sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordning og oppfølging av lærlingane.

## Sommararbeid for ungdom

26 ungdommar mellom 16-18 år hadde sommarjobb på ulike stader i organisasjonen, kvar på 3 veker. Dette er ei auke på 11 frå 2015.

## 25-års jubilarar / pensjonistar

Vinje kommune inviterer kvart år alle som har jobba 25 år i kommunen og alle som går av med pensjon i løpet av året til ein felles festmiddag.

I 2016 var det 14 25-års jubilarar og 7 pensjonistar. Pensjonistane fekk ein akvarell av Reidar Kolbrek, medan 25 - årsjubilarane kunne velje mellom gullklokke med inskripsjon eller ein gåvesjekk.



Årets middag var på Rauland høgfjellshotell fredag 18. november

### Tryggjande kontroll

Med bakgrunn i rundskriv av 21. juni 2013 frå Kommunal og regionaldepartementet om iverksetting av endringar i kommunelov, gjer ein greie for dei tiltak rådmannen set i verk for å sikre tryggjande kontroll (internkontroll). Internkontroll er integrert i den ordinære verksemdsstyringa og det er gjort følgjande konkrete tiltak for å vidareutvikle internkontrollen:

- Det er gjennomført risikoanalyser for einingane si tenesteutføring
- Det er gjennomført forbetringstiltak i tenestene i samband med oppfylging av uynskte hendingar og tilsyn frå regionalt nivå


Nytt kvalitetssystem er framleis under innføring. Kvalitetssystemet skal gje organisasjonen tilgang til eit system som støttar opp under arbeidet med internkontroll, gjennom å gje ein god og enkel dokumentasjon av rutinar, sikre kontinuerlege forbetring og læring, samt avdekke sviktande kvalitet. Bruk av systemet skal bidra til å sikre kvaliteten på tenestene, samt å hjelpe dei tilsette til å utøve jobben på ein effektiv måte, samstundes som reglar og instruksar blir fylgt.

### Compilo – internkontrollsystem

Compilo vert nytta som kvalitetssystemet til Vinje kommune. Systemet skal sikre at Vinje kommune har eit felles avvik- og forbetringssystem, dokumentstyring, årshjul og ROS (risiko og sårbarhetsanalyser) for heile organisasjonen.


Vinje helse er pilot for implementering av systemet og det har vore opplæring og innføring med leiarar, superbrukarar og verneombod.

Tabellen visar statistikk knytt til avviksrapportering i prøveperioden.



## Sjukefråvær

Vinje kommune er ei IA - verksemd, der målet er å redusere sjukfråværet. Me ynskjer at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskadar slik at me får eit lågast mogleg sjukefråvær. Det vert jobba systematisk med sjukefråværsproblematikken, og me har ein formalisert dialog som tek til etter at sjukfråværet har vart i fire veker i tillegg til fleire andre tiltak.



Sjukefråværet gjekk noko opp etter 2015 og ligg på 7,15% totalt.

## IA-bedrift

Vinje kommune har vore IA bedrift (Inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. Det vart i 2014 inngått ei ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter, denne gjeld fram til 31.12.2018

Målet med IA avtala er å førebyggje og redusere sjukefråværet, betre arbeidsmiljøet og styrke innkludering.

## Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Stamina Helse, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse- HMS – teneste (Helse-, Miljø- og Sikkerheit).

Samarbeidet med Stamina fungerer bra, men for å få til ei god teneste, har det vist seg at det er heilt naudsynt at kommunen opprettheld stillinga som HMS – rådgjevar. Denne funksjonen samordnar tenesta, hjelper einingsleiarane med oppfylging av sjukefråvær, og er kontaktperson mellom einingane og Stamina.

## Tillitsvalde

I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 16 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakarorganisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 20%.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemar i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet.

Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemar.

## Samrådsmøte

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

## Trim og aktivitetskort

Frå 2008 har kommunen hatt ei trimordning der alle som gjennomfører 45 min trim to gonger pr. veke får eit gåvekort i premie. Alle er òg med på trekning av større gevinstar som dei tre sportsbutikkane i kommunen har sponsa, i tillegg til eit reisegåvekort som er gjeve av eit reisebyrå. I år var det 235 som fullførde trimordninga, dette utgjer vel 40 % av alle tilsette.



*Vinnarane: Kari Omdal Tveito med sykkel , Tone N. Midtbø, Aina Svee Tveito og Linda Nystog.  
Saman med: Rådmann Jan Myrekrok og representantar frå sportsbuine og OAI som er ansvarleg for gjennomføring av ordninga; Tone Hild Sørland Lyslid, Knut Seltveit, Kjersti Torvetjønn og Toril H. K. Svalastoga.*



## PLAN OG UTVIKLING

*Kommunen er blant dei beste i landet når det gjeld å overhalde byggjesaksfristane. Det er bra, har andre noko å lære?*

*Behandlingstida for eitt-trinns søknadar er ganske kort.*

*Byggjesaker med 12 vekers frist blir behandla litt treigare enn det som er vanleg i Kommune-Norge.*

[Kommunebarometeret](#)

Desse tenestene høyrer inn under støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte arealplanlegginga i kommunen. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar. Eininga skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid.

### Mål og måloppnåing

Vekst i folketalet

- Det har vore nedgang med ein person i folketalet

Ha byggjeklare tomter i alle delar av kommunen

- Me har byggjeklare tomter, men dette må det arbeidast fortløpande med, då det er behov for fleire attraktive tomter.

Sakshandsamingstid på private reguleringsplanar på maks 180 dagar

- Målet er ikkje nådd, årsaka ligg, særleg i høve til ein plan, hjå samarbeidspartar utanfor kommunen.

Tidsfrist for matrikkelføring som krev oppmålingsforretning ikkje skal overstige 16 veker

- Målet er delvis nådd.

Matrikkelføring utan krav til oppmålingsforretning skal vere 6 veker.

- Målet er delvis nådd.

Adresseringsgraden skal ha auka frå 97,94 til 99% i løpet av året

- Adresseringsgrad pr. 31.12.16 er 99%, restadresseringa tek lengre tid enn planlagd.

## Planoppgåver

- Forskrift for løypenett for fritidskøyering med snøskuter- raudt løypenett – er ferdig
- Sti- og løypeplan er under arbeid, men er forsinka i påvente av Beitebruks- og Næringsplanarbeidet - og dermed kan ferdigstillast
- Åmot kollektivknutepunkt/Åmot nordaust er vedteke under arbeid
- Reguleringsplan Åmothaugen Vest, inkludert universelt utforma sti til Ormetjønn er under arbeid
- ROS-analyse gjennomført og vedteke
- Beredskapsplan er under arbeid
- Gang - og sykkelveg Haddeland er under arbeid
- Kommuneplanens samfunnsdel er vedteke
- Planstrategi 2015-2019 er vedteke
- Kommunedelplan Vågslid er under arbeid
- Kulturminneplanen er under arbeid
- Bustadfelt i Øyfjell under arbeid
- Trafikksikker kommune

## Prosjekt –og utviklingsoppgåver

- Kunstmuseum på Rauland er under arbeid
- Deltaking i vassforvaltning Tokke/Vinje, Aust-Telemark og Midt-Telemark – arbeid fortløpande med tiltak
- Deltaking i arbeidet med E234 Haukelifjell og KVVU
- Deltaking i BYRegion Vest-Telemark
- Deltaking i Noregs nasjonalparkar og nasjonalparklandsbyar
- Deltaking i Fjellnettverket og Fjellungdomsnettverket
- Deltaking i Nasjonalt nettverk for universell utforming
- Verdsarven i Vinje, Tinn og Notodden i samarbeid med Telemark fylkeskommune – arbeid fortløpande med tiltak



«Busstur i Verdsarven» juni 2016 –ombord på Amonia

Busette på Møsstrond, næringsaktører, Rauland Historielag og formannskapsmedlemmer var på busstur frå Rauland til Notodden og blei guida av Øystein Haugan, verdsarvkoordinator i Tinn.

Etablerte samarbeid med Olav Nystog om å skrive tekst til informasjonstavlene. Norsk Industriarbeidermuseum har formidlingsansvaret og arbeider med design av tavlene. Desse skal setjast opp ved oppgangen til Falkeriset, i Rauland sentrum, ved Vierli og på Varland.

Starta innsamling av bilete og anna materiale som skal nyttast på utstillingar på Rjukan og i Notodden (Verdsarvsenter).



Oppstart av barnehage - og skuleprosjektet for Vinje, Tinn og Notodden kommunar med utdeling av plakatar i Øyfjell barnehage. Prosjektet er førebels unikt i Norge, og kan setje Rjukan-Notodden Industriarv i førarsetet for tilsvarande prosjekt på dei andre verdsarvstadane. Prosjektets innhald skal vera samanfallande med tema i Klima- og miljødepartementas basisutstilling for norske verdsarvsteder – ei utstilling som skal formidlast ved alle verdsarvstadane i Norge.

## NÆRING

### Reiseliv og turisme

Kommunen engasjerte analyseselskapet Menon Economics for å få ei analyse av kva reiselivet betyr i Vinje kommune, og næringskontoret fekk i desember rapporten «Ringvirkninger av reiselivet i Vinje». Rapporten blei presentert av Menon på møte 14.12.16 saman med ein gjennomgang av ombytemodellen ved advokat.

Rapporten analyserte ringverknadar av reiselivet i Vinje. Rapporten fann at tilreisande og hyttekjøperar bidrog til 600 mill. i lokal omsetning i 2015. Den totale reiselivsrelaterte verdiskapinga i kommunen var i 2015 på omtrent 255 mill. Vidare kom det fram at det lokale reiselivet danna grunnlag for 410 arbeidsplassar i kommunen. Noko som utgjør ca. ¼-del av den totale sysselsettinga i kommunen og ca. 30% av all økonomisk aktivitet i kommunen.

Næringskontoret har arbeidd gjennom heile året med oppfølging av Ombytemodellen som blei vedteken av kommunestyret 18.06.2015. Det har vore mange møte og drøftingar med involverte partar.

Det er gjort politiske vedtak for totalt 43 eigedomar som har fått dispensasjon frå næringsføremål til fritid med bakgrunn i at dei har nytta seg av ombytemodellen. Dette gjeld bruk av ombytemodellen for ordinære utleigehytter og hytter/einingar som er omfatta av 8-års tilbakeleige. Det er berre einingar frå Rauland som har nytta seg av ombytemodellen. Alle har inngått avtale om bygging av til saman 131 erstatningssenger med Vierli Eigedom AS. Pr 31.12.2016 er det ingen som har nytta seg av ombytemodellen i Vågslid. Dette skuldast i all hovudsak at det ikkje har vore aktuelle aktørar som ein kan inngå avtale om utbygging av erstatningssenger med, men det har også vore stor motstand mot ombytemodellen i Vågslid.

Utover ombytemodellen har 23 einingar fått dispensasjon for bruksendring med bakgrunn i at dei har innfridd næringsføremålet i 8 år.

Det er elles arbeidd med planar for opprusting av skiløyper og turvegar på Rauland og Vågslid. Tilskot frå turskiltprosjektet blir nytta til å merke stigar/løyper på Vågslid og Rauland.

Sti- og løypeplan har vore ute på høyring og vidare arbeide med planen blir gjort og handsama i løpet av 2.halvår 2017.



### Ny næringsplan under arbeid

Næringsplanen er ferdig utarbeidd frå arbeidsgruppa ( formannskap + to representantar frå kvar av næringslaga i kommunen) med reiseliv, landbruk som hovudssatsingsområde, men også med fokus på andre næringsområde. Planen har vore ute på høyring. Politisk handsaming av planen blei utsett i påvente av ringvirkningsanalyse for reiselivet. Politisk handsaming våren 2017.

### Beitebruksplan

Planen blei sendt ut på høyring i 2016. Planen skal til politisk behandling i løpet av våren. 2017.

### Investeringar i landbruket

Mange av tiltaka i landbruksplanen er følgt opp – konkretisert i fortsatt stor aktivitet på utbygging av fjøs, grøfting og dyrking.

### Andre næringar

Det er i 2016 gjeve kr. 25 000,-i etablerartilskot til 7 nyetableringar med kr. 25.000 i dei fleste sakene.

Arbeid med AiR-næringshage, næringsareal i Åmot m.m. er det Rådmannen som har vore teke seg av.

### Opprusting av Berunuten

Kommunestyret løyvde midlar til opprusting av hovudhuset på Berunuten i budsjettet for 2016. Hovudhuset blei ferdig opprusta utvendig med inngangsparti, mellombygg og i tillegg er eitt soverom ferdig innvendig. Hovudhuset vil vera klart til bruk sommaren 2017.

Utbygginga har vore eit samarbeidsprosjekt mellom TDV og Næring.

Nye reglar for bruk av Berunuten vest blei vedtekne av kommunestyret i 2016, og ny instruks for oppsynsmannen kjem i 2017.



Berunuten før opprusting



Berunuten etter opprusting

### Kraftfond -Møsstrond

Næringskontoret har i 2016, med verknad frå 2017 fått overført ansvar for Kraftfond-Møsstrond og fagleg ansvar og ein del saksbehandling når det gjeld motorferdsel.

## SKULE

Åmot skule	Rauland skule	Edland skule	Øy fjell oppvekstsenter
------------	---------------	--------------	-------------------------

Vinjeskulen er tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Dei ulike skulane er godt fungerande organisasjonar med mange flinke tilsette. Det har i seinare år blitt meir fokus på ei felles overordna målsetting for alle skulane i kommunen gjennom omgrepet «Vinjeskulen».

*Avgangskarakterane på 10. trinn har vore omtrent middels dei siste åra. Fråfallet på vidaregåande blant elevar frå kommunen er blant det lågaste i landet.*

*Elevane presterer ein god del betre på 10. trinn enn på nasjonale prøver, målt mot resten av landet. Andelen elevar som får spesialundervisning er litt lågare enn i normalkommunen. Andelen har falt ein del det seiste året. Er det berre tilfeldig variasjon eller ein villapolitikk?*

*Svært få på 1.-4. trinn får leksehjelp. Er det verkeleg ikkje store interesse? Viss interessa er der, er nedprioriteringa bevisst? På 5.-7. trinn er det litt færre som får leksehjelp enn normalen, målt mot resten av landet. På ungdomsskulen er leksehjelp mykje brukt, målt mot resten av landet.*

Kommunebarometeret

### Overordna mål i Vinjeskulane

- Faglege resultat i Vinjeskulen skal liggje stabilt over landsgjennomsnittet
- Elevar som syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin
- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø

### Satsingsområde

- Fokus på «Vinjeskulen» og samarbeidet på tvers av skulane
- Felles kompetanseheving for dei tilsette i Vinjeskulen gjennom fokuset på lesing/klasseleing /vurdering
- Prosjektet «skulen som arena for barn og unges psykiske helse»
- Konstant arbeid med utfordringane rundt ulike typar mobbing (nettmobbing, fysisk/psykisk mobbing, mfl)
- Førebyggjande arbeid iht vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitetar inne / ute som grunnlag for god helse
- Verdensarven inn i skulane
- Arbeid med ny tilstandsrapport som skal bli Vinjeskulens overordna strategiplan

## Verdsarven i Vinjeskulen/barnehagen

Oppdraget går ut på at ein skal få inn meir læring for elevane/borna gjennom faste læreplanar retta mot Verdsarven på Rjukan/Notodden. Tanken er at elevane i Vinje, Tinn og Notodden skal kjenne godt til ulike viktige historiske hendingar som har skjedd i desse tre kommunane. Det vil særleg bli lagt vekt på vasskraft, utviklinga av industrisamfunna på Rjukan/Notodden. Ein vil også legge vekt på Møsvatn som kjelda til denne industrielle utviklinga, men også andre tema som tidleg busetjing osv. Det vil også vera naturleg at ein får inn ein del krigshistorie frå områda. Ulike historiske hendingar knytt til desse områda skal ein relatere mot kunnskapsløftet for skulen, ev. rammeplanen i barnehagane. Det er eit sterkt ynskje frå fleire av politikarane i Vinje at ein tydleg ser verdi av verdsarvarbeidet inn i Vinjeskulen/Vinjebarnhagen, sidan det blir gjeve økonomisk støtte til dette prosjektet. Viktig at ein får auka kunnskap rundt dei ulike tema gjennom dette arbeidet.



Me starta opp Verdsarvprosjektet med overrekking av ein biletsamling i Øyfjell oppvekstsenter sin barnehage.

Barnehagen er ein viktig arena for å skape identitet og interesse for kulturarven. Difor fekk alle barnehagane i de tre verdsarvkommunane ei julegåve av prosjektleiaren Anne H. Wagn. Det var fem plakatar som er kopier av Theodor Kittilsens akvareller om Sam Eydes industriprosjekt.

## Vaksenopplæring


All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Dette gjeld grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevar på overgangsordning, og for dei som har rett og plikt til å få dette etter NIR - registeret. Introduksjonsordninga som er eit heiltidstilbod på 37,5 timar 47



veker i året, er no det vanlegaste opplegget. Alle som kjem inn under introduksjonsordninga har rett til to år og kan få tilbod om eit tredje år om dette kan vere med på å sikre vidare utdanning og eller jobb. Frå førre skuleår har elevtalet på vaksenopplæringa auka frå 14 til 28. Dette er truleg makstal for elevar her, og det vil vere naudsynt å ta i bruk alternative læringslokale.

### Elevtalsutviklinga

Elevtalet for Vinjeskulen har nedgang frå 2006/07 og fram til 2013/14. Utviklinga framover ligg rundt tala me har i dag og det kan sjå ut til at den negative trenden har bremsa noko opp. For skuleåret 2016/17 ligg elevtalet på 420 i Vinjeskulen.



### Mål og måloppnåing

- Faglege resultat i Vinjeskulen skal over tid liggje stabilt på landsgjennomsnittet (nasjonale prøver, grunnskulepoeng, mm)

Det kom ei ny mal for målindikatorar i 2015 på nasjonale prøver, så samanlikningsgrunnlaget er noko endra (reduisert).

Vinjeskulen totalt sett er i betring, me ligg i dei fleste fag nært oppunder landsgjennomsnittet. Barneskulen har jamt over ei betring på nasjonale prøver.

Resultata ligg nær det nasjonale nivået både på ungdomstrinn og barnetrinn. Me reknar med at auka fokus på nasjonale prøver i Vinje skulen, vil stabilisere resultata på eit nivå over landsgjennomsnittet innan få år. (Når ein ser på desse talmateriala er det viktig å hugse på at fritak har innverknad på totalresultata. Telemark fylke og landet elles ligg på om lag 5 % fritak for elevar med særlege vanskar, Vinjeskulen sitt fritak ligg frå 0 til 3 %).

Prosjekta «Betre læring» og «Skulen som arena for psykisk helse» er to satsingsområde me trur vil gje gode resultat på sikt.

Frå hausten 2015 starta Vinjeskulen opp med den statleg initierte Ungdomsskulesatsinga «Gnist».

- Elevar som syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin

Vinjeskulen har mange arenaer der elevane får syne seg fram. Ein kan trekke fram ulike idrettsarrangement, open skule, avslutningar, teaterstykke, elevframsyningar, UKM og mange andre arrangement der elevane får vise fram engasjement, kreativitet og dugleik.

- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø

God helse er viktig for elevane si læring. Skulen dekkjer dette gjennom ulik fysisk fostring og vektlegging av sunn mat med frukt og grønt, skulelunsjen. Desse tiltaka saman med dei flotte uteområda på alle skulane er viktige element i arbeidet med godt læringsmiljø.

Det blir arbeidd aktivt med ulike tiltak som betrar elevanes læringsmiljø: Klasseleiing, fokus på borns psykiske helse, anti-mobbe planar, aktivitetsplanar, ulike program (zippys venner, steg for steg, Art, mm). Arbeidet med å få mest mogleg trygt læringsmiljø for alle elevane våre, er eit arbeid som skjer heile tida på dei ulike skulane. Me har også eit godt samarbeid med dei ulike barnehagane, noko som betrar sjansen for «tidleg innsats» for barn/elevar med ulike ekstra behov.

Me ser ut frå elevundersøkinga at det er viktig med eit sterkt fokus på å vidareutvikle læringsmiljøet for elevane i Vinjeskulen. Ein ynskjer å arbeide for meir standardisert gjennomføring av før- og etterarbeidet med nasjonale prøver/elevundersøkingar.



Super innsats av Raulandselevane i klasse-quizen på Telemarksendinga i dag. Birk Müller, Torjus Mitchell Skinnarland, Mia Orum Sandøy og Margrethe Hovda fekk 10 av 12 poeng. Ikkje overraskande at me har flinke ungdommar i Vinje.

Vinjeskulen har eit bra samarbeid med ulike faginstansar: helse, PPT, barnevernet.

#### Utvalde KOSTRA-tal skule

	<i>Vinje</i>	<i>Like</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet utan Oslo</i>	<i>Landet</i>	<i>Tinn</i>
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor pr. elev	175 405	144 004	125 832	117 446	116 462	152 886
Driftsutgifter til undervisningsmateriale pr. elev	3 259	2 045	1 549	1 509	1 477	1 888
Del elevar med spesialundervisning i %	6,2	9,7	8,0	7,8	7,8	7,8
Brutto driftsutgifter til skulefritidstilbod pr. kom brukar	25 714	29 469	29 889	28 148	28 809	35 373
Del av innbyggjarar 6-9 år i SFO	49,1	47,1	56,4	59,4	61,3	60,9
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring pr. innbyggjar	242	59	338	212	238	34
Elevar med direkte overgang frå grunnskule til vg opplæring i %	93,0	97,8	97,7	98,2	98,1	96,5
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	38,9	-	40,3	41,1	41,2	40,7
Elevar pr. kommunal skule	105	120	210	221	233	126
Del av elevar i grunnskule som får tilbod om skuleskyss	51,9	42,9	23,2	23,1	21,4	42,5

## BARNEHAGE

Åmot barnehage med avd Vinje	Rauland barnehage	Edland barnehage	Øyfell oppvekstsenter
------------------------------	-------------------	------------------	-----------------------

Vinjebarnehagen er tre barnehagar og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule.

*Bemanninga i barnehagane er god målt mot dei fleste andre. Som regel er bemanninga lågare jo større kommunen blir. Snittet er 11.419 timer per årsverk. Ifylje data for opphaldstimar per årsverk var bemanninga omtrent uendra i Vinje i fjor.*

*Nokre styrarar og leiarar står utan pedagogisk utdanning, er det berre tilfeldig? 45 prosent av andre tilsette i kommunale barnehagar har relevant utdanning. Det er middels. Landsgjennomsnittet er 43 prosent, mot 35 % året før.*

*64 prosent av barna med minoritetsbakgrunn går i barnehage, ifylgje tala, det same som året før. Korleis kan talet bli høgare?*

*Snittet for landet er no på 74 prosent. Ulike telletidspunkt for born i barnehage og antall minoritetsspråklige born er ei feilkjelde. Over tid er statistikken ikkje spesielt god målt mot resultatane i Barnehage-Noreg.*

*Få driv barnehagane så dyrt som Vinje. Korrigert kostnad til barnehage per innbyggjar er om lag 2230 kroner over landsgjennomsnittet.*

Kommunebarometeret



Sommaren 2016 kunne Rauland barnehage ta i bruk sin nye flotte barnehage.

Gratis barnehagetilbod i Vinje ut barnehageåret 2017/2018 har ikkje ført til at fleire føresette frå Åmot søkte barnehageplass i Vinje barnehageåret 2016/2017. Dette skal evaluerast sommaren 2017.

Barnehagane har etterkvart ei godt utdanna personalgruppe. Der er ingen dispensasjonar til pedagogstillingane. Nokre av barnehagane manglar litt for å nå målet om 2 pedagogar pr. avdeling. Fleire av barnehagane har klart å få fast tilsette til å starte på barnehagelærarutdanning, så kompetansekravet er på veg til å bli dekt. Alle barnehagane treng kompetanse innan spesialpedagogikk for å kunne gje alle barn eit barnehagetilbod dei har utbyte av ut frå sitt funksjonsnivå. Nokre av barnehagane har ikkje dette på plass, men det blir arbeidd med å motivere tilsette pedagogar til å ta slik vidareutdanning.

### Satsingsområde

- Felles lokal kompetanseheving for alle tilsette i Vinjebarnhagen
- Halde oppe fokuset på «Vinjebarnhagen» og samarbeidet på tvers av barnehagane
- Arbeide med språk som grunnlag for læring og som verktøy for all samhandling
- Førebyggjande arbeid i høve til vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitet inne / ute er grunnlag for god helse



Barnehagane i kommunen har gode uteområde som gjev barn utfordringar og opplevingar. Dette gjev barn god utvikling både motorisk og i høve til meistring.

## Mål og måloppnåing

### ➤ Fokus på kvalitet og kompetanse

Vinjebarnehagen har lokal kompetansehevingsplan for 2015-2017. Her deltek alle grupper tilsette i kurs. Barnehagane har i tillegg ekstern rettleiar. Samarbeidet med Bro-Aschehoug og Vinjebarnehagen gjer til at tilsette i Vinjebarnehagen får heva kompetansen sin innanfor sentrale satsingsområde.

Leiinga ved barnehagane deltek i samarbeidsmøte på tvers av fag både internt i kommunen og på tvers av Vest-Telemark kommunane. Dette set barnehagetilsette i stand til å yte tidleg innsats overfor enkeltbarn og grupper av barn. Barnehagane i Vinje er opne for å vere læringsarena for studentar både frå vidaregåande og frå høgskulemiljøet. Dette gjev barnehagane også ny kompetanse.

Nyutdanna barnehagelærarar får rettleiing dei 2 fyrste åra dei er i arbeid. Her samarbeider me med resten av kommunane i Vest Telemark.

Tilbakemeldingskultur har vore tema i høve til personalutvikling. Dette har skapt utvikling og bidreg til endring av praksis i møtet som skjer mellom barn og vaksne og i møtet mellom kollegaer.

### ➤ Styrke barnehagen som læringsarena

Tilsette i Vinjebarnehagen er medvetne den viktige rolla dei har iht at barnehagen i dag er starten på kvart barn sitt utdanningsløp. Barnehagen skal tilby innhald og miljø som skal gje barn tru på at dei kan lære. Å ha fokus på tidleg innsats medfører å setje i verk tiltak og søkje rettleiing medan ein ventar på andre faginstansar. Dette får leiarane i Vinjebarnehagen gode tilbakemeldingar om frå andre faginstansar. Leiken står sentralt i all læring i barnehagealderen. Dette har barnehagane hatt fokus på gjennom året.

God helse er viktig for barns læring. Barnehagane set dette på agendaen gjennom å vektlegge servering av frukt og grønt, fisk og anna sunn mat.



Dette, saman med gode uteområde er viktige element i dette arbeidet.

- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Barnehagane har handlingsplan mot mobbing i barnehagen. Denne planen blei rullert i 2016. Det blir arbeidd aktivt med det sosiale samspelet mellom barn. Ulike program blir nytta, så som: «Du og jeg og vi to», «Være sammen», «Steg for steg». Arbeidet med å få dette inn i det daglege arbeidet er eit arbeid som stadig går føre seg i dei ulike avdelingane.

Der det er barn med annan kultur og anna morsmål blir det arbeidd med å gjere barna i barnehagen nysgjerrige på det som er nytt, lære nye ord osv.

- Alle barn i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår

Vinje kommune har vedteke «Plan mot vald i nære relasjonar». Rauland barnehage har vore pilot i å innføre ny mal for foreldresamtaler. Erfaringar er delt med dei andre barnehagane, og arbeidet med dette er no i gang i alle barnehagane.

Barnehagane i Vinje har gode uteområde. Dette, saman med å nytte seg av nærmiljøet, er med på å gje barn motoriske utfordringar som igjen gjev læring og meistringsglede.

Overgangen frå barnehage til skule kan vere stor for mange barn. Overgangsplanen Vinje kommune har, gjev rom for gode samarbeidsrutiner mellom tilsette i barnehage og skule. Vidare gjev denne planen barna gode førebuingar til å møte den «store verda» utanfor barnehagen.

Vinjebarnehagen har gode moglegheiter for å tilpasse aktivitetar inne og ute til kvart enkelt barns behov og funksjonsnivå. Dette takka vere satsing på barnehagedrift frå politisk hald, og at Vinjebarnehagen har hatt høve til å heve dei tilsettes kompetanse, og i dag har mange dyktige medarbeidarar.

## Utvalde KOSTRA-tal barnehage

	Vinje	Like	Tele- mark	Landet utan Oslo	Landet	Tinn
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen	212 905	191 822	192 869	186 210	187 884	212 715
Del av barn 1-5 år med barnehageplass i %	91,3	89,8	91,7	91,5	91,0	100
Del av styrarar og pedagogisk personale med godkjent barnehagelærerutdanning	90,3	90,3	96,1	91,9	91,3	93,9
Prosentdel minoritetsspråklige barn	10,1	13,5	15,3	14,5	16,4	16,4

*Fordeling av finansiering for kommunale plassar:*

Opphaldsbetaling i %	9,4	13,8	12,6	14,2	14,0	12,1
Statstilskott i %	1,9	1,4	1,8	1,6	1,5	2,2
Kommunale driftsmidlar i %	88,6	84,7	85,7	84,2	84,6	85,7



## HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar eit mangfald av tenester kommunen har ansvaret for – overfor alle aldersgrupper. Fokusområder spenner frå førebygging til behandling, omsorg og lindring. Ansvaret er lagt til einingane Helse og omsorg, Nav og Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark. Tenestene er lovpålagte. Dei fleste tenestene er organisert lokalt og i kommunen, på nokre område samarbeider ein med andre. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark, Tokke-Vinje legevakt og Kommunale Øyeblikkeleg – hjelp-plassar for Tokke og Vinje er døme på det.

### Helse og omsorg

#### Overordna målsetting

- Helse og omsorgstenestene skal vere forsvarlege og halde god kvalitet. Vi skal evne å tilpasse oss endra krav og føresetnader som fylgje av den utvikling som skjer i tenestene.

Det kommunale ansvaret er tydeleggjort og auka dei siste åra. Kvalitet, fokus på heilskap i tenester og brukarfokus er sentralt. Myndigheitene nyttar lov- og forskrift som verkty for å styrke pasientens rettar. Målet er pasientens helseteneste.

Helse og omsorgstenestene krev stor grad av samarbeid, - på tvers av fag og avdelingar internt i kommunen, men og på tvers av forvaltningsnivå.

Samhandling for gode pasientforløp skal styrkast og koordinering av tenestene skal bli betre. Eit ledd i å styrke samhandling er innføringa av elektronisk meldingsutveksling, som sikrar rask og effektiv kommunikasjon mellom samarbeidspartar. Vinje sendte og fekk attende nær 12 000 meldingar i 2016. Kompetanseoverføring og kompetansedeling mellom nivå er eit anna. Døme på det er vår deltaking i rehabiliteringsprosjekt saman med Skien kommune og STHF. Dette har gitt verdfull kompetanseheving i takt med større oppgåver til kommunen på området.

Kommunestyret vedtok organisering av Helse og omsorgstenestene frå 01.01.2013 for å understøtte dei endringane som skjer i helse og omsorgstenestene.

### Legetenesta

#### Fastlegeordninga

3660 pasientar har fastlegen sin i Vinje, mot 3606 året før. Hovudkontoret er i Åmot, og det er utekontor i Edland og på Rauland.

Det er fem fastlegar i Vinje. Det er fire fastlegelister med plass for 850 pasientar, og ei med 800.

*Legedekninga i Vinje er ein del betre enn landsgjennomsnittet. Kommunestørrelse betyr mykje på dette punktet.*

Kommunebarometeret

## Sjukeheim, omsorgssenter og heimetenester

*76 prosent av dei tilsette har fagutdanning mot 88 i 2015. Det er litt betre enn normalkommunen. Landsgjennomsnittet er på 73 prosent, ifylgje oppdaterte tal. Andelen har blive betydeleg lågare det seiste året. Er det tilfeldige rekrutteringsproblem?*

*Tilbodet av psykiatrisk sjukepleiar er bra målt mot dei fleste andre kommunar.*

*Det blei noko mindre tid med lege og fysioterapeut på sjukeheim i fjor. Årsverk av geriatrisk sjukepleiar og ergoterapeut gjev ein indikasjon om tilbodet på sjukeheimen. I Vinje er dekninga litt lågare enn i normalkommunen.*

*Kommunen har litt meir heimebasert eldreomsorg enn normalkommunen. Andelen over 67 år med heimetenester og stort omsorgsbehov er middels. Målt mot kor mange over 80 som faktisk bur på sjukeheim, har kommunen ein ganske høyt andel plassar avsett til demente. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sjukeheim er demente. I Vinje er 65 prosent av plassane meint for demente, mot 50 % året før.*

*Eit opphald på en korttidsplass er relativt kort. Snittet i fjor var på 25 dagar, året før på 26 dagar. Målt mot kor mange gamle som bur heime, er andelen registrerte tryggleiksalarmar litt under middels.*

*Innan pleie og omsorg er kommunen blant dei dyrast drivne i landet. Målt per innbyggjar er den korrigerte kostnaden 7510 kroner over landsgjennomsnittet.*

Kommunebarometeret

I arbeidet med å sikre samanheng i tenester, rett bruk av tenestekjeda har **koordinerings- og tildelingskontoret** ei viktig rolle. Ny helse- og omsorgstenestelov som blei vedtatt i 2011 stiller krav til at kommunen skal ha ein slik koordinerande funksjon.

### Sjukeheimen

Sjukeheimen har 39 plassar, fordelt på 7 plassar avsett til korttidsopphald, 13 tilrettelagt for demente og 25 ordinære langtidsplassar. I tillegg kjem 2 KAD-plassar for kommunane Tokke og Vinje.

Velferdsteknologi er på veg inn i Helse og omsorgstenestene, som supplement og til dels erstatning for tradisjonelle tenester. Ved langtidssavdelinga har ein jobba med prosjekt knytt

til sporingsteknologi ved å nytte moglegeheitene som ligg i sjukesignalanlegget. Målet har vore å gje pasientar med demens større fridom til å bevege seg og med det oppleving av ein betre kvardag.

Rehabilitering og habilitering er oppgåver som tek stadig større plass i den kommunale tenestekjeda som del av overføring av ansvar til kommunane. Korttidsavdelinga i sjukeheimen har ei viktig rolle i overgangen mellom sjukehus og heim.

Kommunen greier å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og har ikkje hatt utgifter til dette. God styring av korttids plassar har vore avgjerande for å få til det.

### Mottakarar av heimetenester

Samla sett er talet på mottakarar av heimetenester i 2016 omlag på nivå med året før, stabilt for Øvre Vinje og Rauland, svak auke i Ytre Vinje.

Retten til brukarstyrd personleg assistent (BPA) blei lovfesta frå 2016. I Vinje har vi fleire slike tiltak ved utgangen av året.

Bebuarar ved Rauland omsorgssenter, Norheimstunet, Bruli, Reini og Svingen reknast som heimebuande. Med unntak av Bruli og Reini er omsorgsbustadene heildøgns bemanna. Det er nattpatrolje i heimetenesta i Åmot. Nattpatrolja gjev tenester i heimebuande i omsorgsbustad og private bustader etter behov.

Frå 2016 har psykisk helse og rus vore organisert i ei avdeling, med tilbod i og utanfor bustadtilbod, og dagtilbod. Rusomsorg blei flutt frå Nav til Helse og omsorgseininga mot slutten av 2015.

### Rehabilitering

Kommunen skal ha generell oversikt over behovet for habilitering og rehabilitering. Alle som bur eller oppheld seg i kommunen skal få naudsynt utreiing og oppfølging.

Innføring av samhandlingsreforma har medført at kommunane har overtatt mykje av rehabiliteringsansvaret etter sjukehusopphald. Gjennom samarbeid med Sjukehuset Telemark Helseforetak og Skien kommune i prosjektet «Saman om det gode pasientforløp» i 2016, har vi arbeidd systematisk med å styrke overgangar mellom tenestene. Målet er at pasienten opplever forløpet frå utskrivning til sjukehus, via døgnbasert rehabilitering ved kommunen si korttidsavdeling, og attende til eigen heim eller institusjon/omsorgssenter som ei samanhengande kjede.

For å sikre ein rehabiliteringsprosess med klare mål og gode overgangar, blir det no utarbeidd ei lokal Metodebok for rehabilitering i Vinje. Det er også, som resultat av lokalt prosjekt, utarbeidd ei metodebok for Kvardagsrehabilitering.

## Utvalde KOSTRA-tal –helse –og omsorgstenester

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter per innbygger, kommunehelseteneste	6852	6502	4848	4180
Netto driftsutgifter pr. innbygger - omsorgstenester	30 750	28 846	27 225	22 093
Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste per innbygger 0-20 år	5 531	4 324	3 333	2675
Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbygger over 67 år	169 741	153 756	139 173	123 106
Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehab. pr innb.	5340	5314	1731	3352
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb. - kommunehelseteneste	25,9*	13,6	32,7	11,7
Legeårsverk per 10 000 innb.	13,4	13,0	12,3	11,0
Årsverk av ergoterapeutar per 10 000 innb.	1,5	4,5	-	2,7
Plassar i institusjon i % av mottakarar av pleie og omsorgstenester	13,0	18,3	21,5	17,5
Andel plassar i institusjon og heildøgns bemanna bustad i % av befolkning over 80 år	44,4	43	52,4	54,1
Tal på plassar i brukartilpassa einerom med eige bad/WC i %	100	68,6	98,7	84,5

\*Her er friskliv del av tala.

Markering av frigjeringsdagen 8. mai på Rauland omsorgssenter med flaggheising og frukost.



Flagget vi heisar er sauma Britta Loftsgarden (på bilete) natt til 08.05.1945. Ho måtte bruke det ho hadde så mesteparten av flagget bestend av sonen sin bleier. Dette var ein flott markering.

### Syngande eldreinstitusjonar

Rauland omsorgssenter og Vinje sjukeheim deltek i prosjektet Syngande eldreinstitusjonar. Målet er å la alle få høve til å ta del i songen som kjelde til glede, kreativitet, identitet og helse. Prosjektet starta opp i 2015 og har hatt stort fokus gjennom heile 2016.

### Svingen bufellesskap



I 2016 var det landsomfattande tilsyn med tenester til psykisk utviklingshemma over 18 år. Vinje var ein av tre kommunar i Telemark der Fylkesmannen gjennomførde tilsyn. Tilsynet medførde fire avvik. Aktivitet knytt til lukking av desse har hatt stort fokus i 2016. Tilsynet er ikkje avslutta ved utgangen av året.

I tillegg har det vore to individbaserte tilsyn i høve til Helse og omsorgstenestelova Kap 9 som omhandlar tvang. Ved eit av desse blei det gitt eit avvik. Dette er lukka.

Tenester for funksjonshemma har hatt eit krevjande år, med omfattande sjukefråvera fyrste halvår. Situasjonen er betra mot slutten av året.

### Førebyggjande arbeid

*Dekkinga av helsesystem er noko betre enn normalen.*

*Nytt i årets barometer er at ein måler jordmordekkinga i kommunen, slik denne er oppgjeve i Kostra. Vinje har 5 jordmødrer per 10.000 fødde born.*

*Nesten alle elevar hadde helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn. Alle nyfødde hadde i fylgje statistikken heimebesøk innan to veker etter fødselen i fjor.*

*Landsgjennomsnittet er på 83 prosent*

#### Kommunebarometeret

Det førebyggjande arbeidet i høve til ulike aldersgrupper har fått auka fokus dei seinare åra, styrkt gjennom Folkehelselova frå 2012. Helse omsorg og sosiale tenester arbeider førebyggjande i høve til alle aldersgrupper.

Arbeidet omfattar alt frå fødselsførebuande arbeid, helsestasjonsarbeid, ungdomshelsestasjon, råd og rettleiing, frisklivs- og meistringstilbod i høve til ulike aldersgrupper og tema, rusførebyggjande arbeid med meir.

I helsesystemtenesta har foreldrestøttande tiltak stort fokus, og det er blir arbeidd med dette i prosjekt. Ein har vald å organisere ein del av arbeidet knytt til barn og unge i team der det tverrfaglege fokuset er vektlagt.

**Frisklivssentralen** har gjennomført kurs ved Frisklivsresept, KID-kurs retta mot personar med lettare psykiske lidingar, Bra-Matkurs, fallførebyggjande kurs mm. Gruppeaktivitetar retta mot ulike målgrupper har hatt ca.110 deltakarar i veka. Ulike faggrupper bidreg med sin kompetanse inn i dette arbeidet. Frisklivssatsing mot den eldre delen av innbyggjarane er samla under omgrepet seniortiltak.

## Bustadsosialt arbeid

I det bustadsosiale arbeidet er fleirfagleg samarbeid avgjerande for å nå gode resultat. Einingane Helse og omsorg og Nav har eit definert ansvar via det lovverket som styrer desse tenestene. Arbeidet krev fleirfagleg tilnærming, og den bustadsosiale gruppa er representert ved desse to einingane, samt teknisk drift og vedlikehald, rådmannen og flyktingkonsulent. Gruppa møtast ein gong per måned, og arbeidet blir leia av Helse og omsorg.

## Nav Vinje –sosialtenesta

*Unge mottakarar går litt lenger på sosialhjelp enn i normalkommunen. I barometeret reknast kort stønadstid som bra. Det må vere positivt at sosialhjelp er ei midlertidig løysing på veg mot noko meir permanent. Stønadstida blei betydeleg lenger i fjor. Var det spesielle omstende som inntraff?*

*For dei over 25 år er stønadstida litt kortare enn i normalkommunen. Vaksne går omtrent like lenge på stønad no som for eitt år sidan.*

*24 prosent går på sosialhjelp i meir enn 6 månader. Landsgjennomsnittet er 35 prosent. Tal mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntekt er litt over normalen. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovudinntekt. Me veit ikkje kor mange som har gått på kvalifiseringsprogrammet, målt mot dei som går lenge på stønad.*

### Kommunebarometeret

NAV er i kontinuerleg omstilling og det er signalisera store endringar i Stortingsmelding 33.

Det blir i den samanheng veldig viktig med eit aktivt partnerskap mellom stat og kommune i åra framover.

Eit viktig tiltak i 2016 har vore vidareføring av "Talentus" i samarbeid med Tokke. Målet her er at alle under 30 år skal ha tilbod om arbeid eller tiltak. Vi har og bruka Talenthuset til arbeidsøklarar som er eldre enn 30 år då vi har hatt for få til brukerar i primær målgruppa . Gjennom året har 26 ungdommar frå kommunane vore innom tiltaket, av desse er 13 kome i jobb eller arbeid. Vi utvida tilbodet med tettare oppfølging av ungdom og to av veilederane har sertifisera seg i VIP 24 kartlegging.

Nav Vinje sit i bustadsosialgruppe i kommunen og vi forvaltar husbanken sine verkemiddel. Vi har innvilga nokre få søknadar om startlån /etableringstilskot og utbetringstilskot i 2016.

Ei målsetjing har og vore å få til betre og meir heilskapleg jobbing i forhold til brukarar med rusproblem.

## Utvalda Kostra- tal NAV/sosialtenesta

	Vinje	Like	Telemark	Landet utan Oslo	Landet	Tinn	Tokke
Netto driftsutgifter til sosialtenester pr. innbyggjar	1 510	1 714	2 816	2 139	2 399	2 638	1 502
Netto driftsutgifter i % av samla netto driftsutgifter	2,0	2,6	4,9	3,9	4,4	3,6	1,9
Netto driftsutgifter per innbyggjar 20-66 år	2 546	2 907	4 691	3 540	3 907	4 503	2 579
Netto driftsutgifter til øk. sosialhjelp pr. innbyggjar 20-66 år	767	1 281	2 452	1 717	1 851	1 759	403
Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde i %	51,7	-	-	49,0	49,1	40,7	31,7

Delen mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er auka frå 49,1 frå 2015 til 51,7% 2016. For samanlikningsgruppene Landet utan Oslo frå 45,5 til 49%, Landet 47,3 til 49,1 % og Tinn 44,3 til 40,7 %.

Vinje har mange pendlarar, mange av desse er sysselsatte i oljeindustrien. Trass uroa i denne bransjen er det få arbeidsledige i Vinje. 1,9 % var heilt ledige ved utgangen av året, totalt 40 personar.

202 personar hadde varig uførestønad ved utgangen av 2016 - dette tilsvarar 8.7 % av aldersgruppa 18 - 67 år.

## Interkommunalt samarbeid – helse- omsorg og sosiale tenester

## Legevakt

Tokke/Vinje legevakt har eit areal i overkant av 4000 km<sup>2</sup>, det største i AMK området Telemark-Vestfold. Befolkningsgrunnlaget er på ca 6000 innbyggjarar, i tillegg kjem alle turistar og forbipasserande som har krav på øyeblikkeleg hjelp.

Legevakt er ei beredskapsteneste. Det inneber å vere tilgjengeleg, både i høve til bemanning, fagleg kompetanse, teknikk og utstyr. Mykje av kostnadene ved å drive legevakt er knytt til å vere operative, i tråd med faglege krav og standardar. Nye krav til kompetanse påverkar kostandene.

For legevakta har tal kontaktar i løpet av året passert 6000, med naturlege toppar knytt til turistsesongen. Utviklinga dei siste åra syner at talet på gjesteinnbyggjarar som oppsøker legevakt aukar. Dette som ein naturleg konsekvens av satsinga i Vinje som turistdestinasjon.



## Utviklingstrekk

### Tal på henvendingar til legevakta totalt i perioden fom 2009 tom 2016

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på henvendingar	5 519	5 051	7 355	6 325	6 163	5 731	5 744	6 108

### Fordeling av pasientar geografisk

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
<b>Tokke</b>	25 %	23,9 %	29,4 %	25,6 %	24,8 %	23,5 %	23,1 %	21,64 %
<b>Vinje</b>	58 %	56,5 %	55 %	54,2 %	51,3 %	53,1 %	50,5 %	49,03 %
<b>Gjest</b>	17 %	19,6 %	15,6 %	20,2 %	23,9 %	23,4 %	26,4 %	29,32 %

Den nye akuttmedisinforskrifta gjeldande frå 1 mai 2015 stiller krav til kompetanse på legevakta for både legar og sjukepleiarar. Arbeidet med å i møtekravet er i gang, det er overgangsordningar til 30. april 2018. Vaktlege må etter denne dato vera spesialist i allmennmedisin eller godkjent allmennlege. Vaktlege som ikkje innehar denne kompetansen må ha bakvakt som kan rykke ut ved behov. Alle fastlegar i Vinje er i gang med spesialisering i allmennmedisin. Både legar og sjukepleiarar må innan 30. april 2020 ha gjennomført kurs i akuttmedisin kurs i volds- og overgrepshandtering. I tillegg må legar og sjukepleiarar må ha opplæring i naudnett. Radiokurset vert arrangera fast to gonger i året, ved oppstart av ny turnuslege i mars og september. I tillegg arrangerer kurs 1-2 gonger elles i året etter behov.

## Røntgen

Det er i dag seks legar i vaktområdet som har opplæring i å ta røntgenbilete. I 2016 vart det tatt 35 bilete på dagtid og 59 bilete på legevakt. I tillegg kjem det radiograf frå sjukehuset som tek elektive undersøkingar, avtala har vore inntil 2 arbeidsdagar/mnd.

## KAD – kommunal akutt døgneining

Vinje og Tokke samarbeider om to plassar til dette føremålet. Plassane er lagt til Sjukeheimen i Vinje, og det er vi som står for administrasjon og drift av tilbodet. Det er lege i samarbeid med sjukepleiarar som legg inn pasientar på KAD-plass.

Bruken av plassane har auka gradvis frå oppstart i desember 2013. I 2016 blei 85 pasientar innlagt på KAD-plass.

Alle kommunar skal ha kommunale øyeblikkeleg hjelp plassar frå 1. januar 2016. I Samhandlingsreforma blir kommunanes nye ansvar formulera som tilbod før, i staden for og

etter sjukehusbehandling. Etablering av KAD utgjør eit kommunalt **før og i staden for** der dette tilbodet skal vere like godt eller betre enn innlegging i sjukehus.

KAD skal vere eit allmennmedisinsk tilbod som skal gjevast til dei som har behov for observasjon, behandling og tilsyn, men som ikkje har behov for innlegging i sjukehus. Plikta er avgrensa til pasientar som kommunen har mogelegheit til å utreie, behandle og gje omsorg til.

Frå 01.01.2017 omfattar ansvaret også psykisk helse og rus. Endringa tydeleggjer kommunens ansvar overfor innbyggjarane og sidestiller psykisk helse/rus og somatikk.

### Barneverntenesta

Barneverntenesta er felles for kommunane i Vest-Telemark og har hovudkontor i Kviteseid sentrum, i bygget til Sparebanken Sør.

*Bemanninga av fagpersonell i barnevernet er middels. I 2016 var bemanninga om lag uendra.*

*Kommunen har god statistikk frå sakshandsaming i barnevernet. Sett dei fire siste åra under eitt, er statistikken god.*

*Dei aller fleste tiltaka er i heimen, det er positivt.*

*Kommunen har oppgjeve at det ikkje er spurt brukarane på minst fire år. Viss det stemmer, betyr ikkje brukarens respons noko? Korleis arbeider ein då med å levere betre tenester ?*

*Barnevernet kostar 330 kroner mindre enn landsgjennomsnittet, målt per innbyggjar.*

### Kommunebarometeret

### Utvalde KOSTRA- tal barnevern

	Vinje	Like	Telemark	Landet utan Oslo	Landet	Tinn	Tokke
Netto driftsutgifter til saman pr. innbyggjar	1 391	2 242	2 037	1 933	1 915	2 894	1 227
Netto driftsutgifter pr. barn plassert av barnevernet	97 774	-	109 796	113 259	113 253	145 795	97 602

VINJE KOMMUNE – ÅRSMELDING 2016

Netto driftsutgifter per barn med tiltak	152 412	-	160 356	180 423	182 665	254 597	151 833
Andel barn med barnevernstiltak 0 - 17 år	4,6	-	6,3	4,9	4,9	5,9	2,7

Samanlikna med 2015 er utgiftene til barnevern gått litt opp. Barn med barnevernstiltak i gruppa 0-17 er gått ned frå 5,1 til 4,6%.

Ved utgangen av året hadde vi tilsette i 13 stillingar. Dette er 1,1% stilling vakant i høve til heimlane på grunn av sjukemelding over tid, samt vanskar med å tilsette. 10,40 til saksbehandling inkludert leiar og fagleiar, 0,8 støttefunksjon og 1,8 tiltaksarbeid. 2 stillingar er finansiert med statlege overføringar. 0,2 stilling støttefunksjon står vakant som eit innsparringstiltak. Vi har auka tiltaksstilling med 50% og redusert sakshandsamarstilling tilsvarande for å gjennomføre mellom anna forpliktigane kommunane har inngått i høve TIBIR- programmet. I sum bruka vi 1,8 stilling på tiltaksarbeid. Rapporteringa her gjeld heile barnevernsamarbeidet og ikkje Vinje separat i alle avsnitta.

Aktivitetstal frå barnevernstenesta målt i tal på meldingar

Kommune	Melding 2016	Melding 2015	Lagt bort 2016	Lagt bort 2015	Start Undersøking 2016	Start undersøking 2015
Seljord	33	38	4	4	29	34
Kviteseid	17	17	0	1	17	16
Nissedal	7	15	1	2	6	13
Fyresdal	5	12	0	2	5	10
Tokke	13	21	2	4	11	17
Vinje	27	23	4	2	23	21
<b>Sum BVS</b>	<b>102</b>	126	11	15	91	111

I 2016 har talet på meldingar gått ned med 19%. Få meldingar blir henlagt og det har vore 18% nedgang i undersøkingar. Flest meldingar kom frå politi, barnevern/barnevernsnakt, foreldre,

skule, helse og psykiatri. At Vinje kommune har aukiing av tilmeldingar kan ein truleg sjå på som eit resultat av auka fokus og kompetanse på området og ikkje ei forverring av barnas omsorgssituasjon. Forsking viser at det på landsbasis er høg underrapportering på feltet. Målet må vere at me melder opp riktig tal på saker og at me jobbar langsiktig førebyggjande – til dømes gjennom TIBIR.

Pr 31.12.16 hadde vi 14 barn under omsorg. Vi har 9 barn frivillig plassera. 2 av disse er plassera på institusjon. Alle fekk lovpålagde oppfølgingsbesøk. I tillegg var 2 barn akutt plassera for ein kortare periode i løpet av 2016. I løpet av 2016 var i alt 25 barn plassera utanfor familien. Vi har 4 barn som er over 18 år som fremdeles følgjer vidare opp via fosterheim eller anna tiltak.

Vest Telemark har 30 tilsynsbarn i fosterheim.

2 barn blei akutt plassert utan samtykke frå foreldra. Fylkesnemnda stadfesta vedtaka. Barnevernet vedtok tilbakeføring av eit av barna då situasjonen stabilisera seg. 1 barn blei flytta til ny fosterheim. Saka vart klagt inn for Fylkesnemnda. Barnevernet fekk medhald i nemnda. Denne saka vart anka til tingretten. 3 barn blei akutt plassert etter samtykke. 4 barn fekk saka behandla i fylkesnemnda og 2 ankesaker blei behandla i Tingretten. BVS fekk medhald i alle sakene.

Kommunane Kviteseid, Seljord, og Fyresdal har hatt høgare utgifter til barneverntiltak enn opprinneleg budsjett. Det er hovudsakleg tiltak utanfor heimen eller institusjonsopphald som er årsaka til dette. Kommunane Vinje og Nissedal hadde eit mindreforbruk i høve budsjett.

- [Samhandling i Vest-Telemark](#)

Arbeidsgruppa har hatt 5 møte, styringsgruppa har hatt 4 møte.

### **Arbeid med samarbeidsavtaler mellom STHF og kommunane i Telemark**

Etter behov er 7 samarbeidsavtalene vidareutvikla og revidert i 2016.og underskrive av rådmenn og sjukehusdirektør:

- ***KOLS-prosjektet i Telemark***

Prosjektet har oppnådd eit stabilt KOLS-nettverk i kommunane. Prosjektet er finansiert av STHF og avslutta i 2016. For 2017 freistar ein å vidareføre KOLS arbeidet og nettverket i den ordinære drifta til STHF og kommunane.

- ***Fastlegeforum i VT 2016***

Møta er godkjent av Dnlf med poeng til spesialisering innan allmennmedisin. Sjukehuset Telemark møter legane i Vest-Telemark og tek opp ulike tema. Vi har hatt 7 ulike tema i 2016.

- ***Palliasjonsprosjektet i Telemark***

Prosjektperioden blei avslutta i 2016 og blir vidareført i drift som eit spleiselag mellom sjukehuset og kommunane i Telemark. Vest-Telemark kommunane har nytta teamet mykje. Kommune og sjukehus har slik lagt til rette for at alvorleg sjuke har fått mogelegheit til å døy i heimkommunen.

➤ *Samarbeid om psykisk helse og rus, ØHD-plassar og psykologteneste i VT*



"Kick-off" på Straand Hotell med 40 deltakarar starta arbeidet i juni 2016. Øyeblikkeleg hjelp-døgnplassar for kommunane er på plass og avtaler er underskrivne. Arbeidet held fram i 2017 med å sjå på felles satsing og psykologteneste. Eit arbeid saman med STHF og Borgestad om å etablere fagdagar for tilsette innan rusfeltet i Vest-Telemark kjem i gang i 2017.

➤ *Samarbeid om legevakt i VT*

Politisk vedtak i VT om meir samarbeid om legevakt. Bakgrunnen var ny forskrift om akuttmedisin som legg føringar for kompetanse for tilsette på legevakt og krav om bakvakter.

➤ *Jordmor (Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid, Fyresdal)*

Politisk vedtak om meir samarbeid rundt jordmortenester. Gruppa har hatt arbeid hausten hausten 2016 og avsluttar arbeidet vår 2017.

➤ *Pilot Seljord legevakt og akuttmottak STHF (ikkje Vinjeprosjekt, men kan gje nyttig kunnskap)*

Delavtale om akuttmedisin for Telemark og akuttkjedeprosjektet for STHF var bakgrunn for pilot Seljord. Samhandlingskoordinator har saman med kommune, ambulanse og sjukehus arbeid med prosjektet. Prosjektet er avslutta i 2016. Innsiktene i arbeidet blir overført til hovudprosjektet om akuttmedisin på STHF.

➤ *Felles høringsuttaler*

Samhandlingskoordinatorane har laga felles uttaler for alle kommunane i Telemark:

- *NOU - Først og fremst*

- *Primærhelsemeldinga*
- *Sjekklistar inn- og utskrivning frå sjukehus*

Samhandlingskoordinator har laga sjekkliste i lommeformat for tilsette på sjukehusa og kommunane i Telemark i samband med avtalte rutinar.

- *Vidareutdanning for helsefagarbeidarar i VT*

I samarbeid med AOF, Skien, vil det bli sett opp vidareutdanningar for helsefagarbeidarar i VT i Seljord i 2017 med studiepoeng.

- *Kurs frå SIM-senteret på STHF i samband med pilot Seljord*

3 legevakter i Telemark (Seljord, Notodden og Porsgrunn) har gjennomgått eit kurs og trening som omhandlar opplæring av tilsette slik at dei kan undervising lokalt i akuttsituasjonar. Kurset vil bli vidareført til alle kommunane i Telemark.

### Ymse oppgåver

- Søknader om midlar
- Fagdagar (KOLS, diabetes og hjerte) for tilsette i pleie – og omsorg i Telemark i samarbeid med LMS, STHF
- Revisjon av avtale om kjøp av plassar og tenester mellom kommunane i VT
- Nettverksmøter
- Delteke i 2 delprosjekt innan akuttmedisin frå STHF
- Konsernrevisjonen til STHF - intervju
- Bistand til etablering ØHD-plass i Fyresdal
- Eksterne presentasjonar/informasjon frå koordinator:
  - Oppvekst og velferdsutvalet i Vinje
  - Fylkesmann sin haustkonferanse
  - FFO - konferanse
  - Forum for psykisk helse i Telemark

## VINJE KJØKENDRIFT

Vinje kjøkendrift er kommunens hovudkjøken og produserer middag til både sjukeheim, omsorgssentra og heimebuande. I tillegg til at dei administrerer kolonialvarer for sjukeheimen, leverer dei catering/møtemat og mat til kantina på sjukeheimen og kommunehuset.

Tal levert til heimebuande 2015	Tal levert til heimebuande 2016	Tal levert til sjukeheimen 2015	Tal levert til sjukeheimen 2016
13 047	12 893	14 907	14 116
	Møtemat 2016		
	Kr 195.000. -		

Ein reduksjon i tal på middag på 945 frå 2015. Nedgangen i leveranse til heimebuande er merkbar i Åmot distrikt.

Pris pr. porsjon middag med dessert m/dessert til heimebuande var kr. 85,- i 2016, det same som i 2015.

Levert kolonialvarer, kaker, mineralvatn til sjukeheimen i 2016 for kr 777.692.-

Kostnad pr. brukar pr. døgn:

- Middag kr 35.-, kolonial kr 55.- = kr 90.- pr kostdøgn

Etterspørselen til *tilpassa kost, alternativ* eller *diettar* er aukande.

Stadig nytt regelverk på matområdet krev meir tid til dokumentasjon.

- Matmerking - *allergener*
- Matmerking - *næringsdeklarering*
- Matmerking - *holdbarhet*

\*\*\*\*\*

Rett mat til rett pasient til rett tid.



## TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD

*Innbyggjarane produserer litt meir enn normalen i Kommune-Noreg. Rin ganske liten del av avfallet gjeng til materialgjenvinning og biologisk behandling. Må det vere slik, eller kan statistikken forbedrast?*

*Energikostnadane for bygg i Vinje er middels målt mot andre kommunar. Snittet er 100 kr per kvadratmeter. Kommunen ser ut til å byggje relativt stort - det er ganske mange kvadratmeter bygg målt mot innbyggjartalet.*

*Kommunar med låge innbyggjartal ligg naturleg høgt på denne statistikken.*

*Kommunen brukar ganske mykje pengar på vedlikehald. Det reknar vi som positivt; det skal i utgangspunktet forlenge byggjets levetid.*

*Gebyra for vatn, avløp, renovasjon og feiing er litt lågare enn normalen. Det er positivt så sant det ikkje betyr at vedlikehaldet på anlegga lir.*

*Vassforbruket per innbyggjar er høgt. Kvifor blir det slik, og er det mogleg å få forbruket ned? Lågt forbruk er ressurs besparande og positivt.*

*Tal innbyggjarar med vassmålar er ganske låg målt mot resten av landet.*

*Få kommunar har eit så nytt vassleidningsnett (berekna snittalder). Det er positivt og indikerer høg kvalitet. Spillvassnettet (avløpsnettet) har låg alder målt mot normalen i Kommune-Noreg. Det er bra.*

**Kommunebarometeret**

### Drift

Teknisk drift og vedlikehald hadde eit relativt normalt driftsår i 2016 med moderate snomengder men krevjande vintervedlikehald i høve strøing av glatte vegar. Mange av dei tilsette var i perioden november - desember til mars i fullt arbeid med strøing av vegar og plassar.





Elles gjekk 2016 stort sett som planlagt i høve drift. Det har vore stor aktivitet med rehabilitering av aldersbustader, flyktningbustader og oppføring av lagerbygg. Ingen særskilte hendingar innom område avløp, brann og beredskap. Det har vore eit krevjande år med tanke på vassforsyninga i Øyfjell. TDV vonar at nytt vassverk i løpet av 2017 skal betre tilhøva i Øyfjell.

### Brann og beredskap

Totalt var brannvesenet ute på 107 utrykkingar i 2016. Det er ein auke på 7 i høve til 2015.

- Av desse var det ein del automatiske brannalarmer som det vart rykke ut til.
- Medan du ventar på ambulanse, 19. utrykkingar.
- Trafikkulukker, 20 utrykkingar.
- Brann av diverse slag, frå hus brann til container brann. 15. utrykkingar.

Rekneskapen frå 2016 syner eit samla overskot på om lag 0,5 mill. når ein ser bort i frå inntekter tilknytingsavgifter vatn og avløp. Budsjettområde 6\* vart dela i område teknisk drift og vedlikehald 60\* og sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon og feiing 61\* i juni 2016.

### Investeringar

2016 har vore eit krevjande år med mange og store investeringar innom bygg, veg, vatn og avløp. Rauland barnehage vart ferdigstilt august 2016 og avslutninga av Hovdestadmogen kom godt i gang i 2016 og ventast fullførast i løpet av 2017. Vassverk på Rauland er under tak i 2016 og ferdigstillast juni 2017 og arbeidet med planlegginga av avløpsanlegget Vågsli vart avslutta i 2016 med utlysing av totalentreprise prosess våren 2016. Det var Salsnes AS frå Namsos som vann konkurransen. Totalentreprise bygg vert lyst ut i 2017 med byggestart våren/sommaren 17. Rekneskapen i høve investeringar vert handsama i eige sak i formannskapet og kommunestyre

## HMS og personale

Vinje kommune har ingen alvorlege avvik knytt opp mot forureining av ytre miljø frå avløpsanlegg. Det er heller ikkje oppdaga alvorlege avvik knytt til vassforsyning frå kommunale vassverk. Men det har vore avvik på vasskvalitet frå Øyfjell vassverk. Årsrapportane frå Driftsassistansen i Telemark stadfestar dette. Det er heller ikkje rapportera om alvorlege hendingar knytt til drift av veg.

Sjukefråveret er på 2,9% der omlag 1,9% er langtidsfråvær. Eininga arbeider for å redusere fråveret.

## Energi og klima

*Energikostnadene per kvadratmeter bygg er middels målt mot andre kommunar.*

Kommunebarometeret

Som kraftkommune og turistdestinasjon med store hytteutbyggingsprosjekt må Vinje kommune ha fokus på energibruk og berekraftige klimaløysingar. Alle nye bygg og totalrenoveringar av bygg skal gjennomførast med vurdering av alternativ oppvarming som fjernvarme, bergvarme eller liknande. Alle kommunale bygg skal inn på ei vedlikehaldsliste som skal gje lågare energibruk. Større bygg skal nå ha SD-anlegg som vil gje omfattande reduksjon av energibehov.

I fylgje Høgskulen i Sør Noreg har Vinje har alle moglegheiter til å kunne spele ei viktig rolle som vertskap og aktør i vidareutvikling av rein energi og forvaltning av vassressursar og natur i mange aspekt. UNESCO-programmet *Man and Biosphaere* er eitt av fleire incentivmoment for å satse i denne retninga. Vinje kommune ynskjer å spele ei viktig rolle saman med kraftleverandørar og akademia i høve til samfunnsutvikling innanfor energi og klimautvikling.

Arbeid med ny Klima og miljøplan startar i løpet av 2017.

## KULTUR

*Vinje bruka i fjor 8,8 prosent mot 8,7 % året før, av totale netto utgifter på kulturfeltet. Det er langt høgare enn landsgjennomsnittet på 3,8 prosent.*

*Biblioteket er ganske lite besøkt, ifylgje statistikken. Kvifor ser det ikkje ut til å vere ein viktig møteplass? Besøket per innbyggjar var på same nivå som for eitt år sida. Utlånet frå biblioteket er omtrent middels. I fjor gikk utlånet litt ned, målt per innbyggjar.*

*Telemarksforsking set saman oversikt over kor mange kulturarbeidarar det er i kommunane, privat eller offentleg. I Vinje er sysselsetjinga no middels, mot året før der det var litt under normalen, målt mot folketalet.*

*Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking viser kor mange timar kvar einskild elev i kulturskolen får. Tala er usikre. I Vinje får elevane ganske mange timar undervising. Tal av barn frå kommunen som faktisk går på musikk- og kulturskule er omtrent som normalen i Kommune-Noreg.*

[Kommunebarometeret](#)

Kultureininga i Vinje kommune er sett saman av kultursjef, kulturkonsulent, ungdoms- og fritidsleiar, kulturskulerektor, ni kulturskulemedarbeidarar samt fire bibliotektilsette og ein friviljugsentral.

Kultur er ein viktig del av Vinje kommune sin identitet og blir i stor grad drive av friviljug innsats og dugnad.

Kommunens rolle er å vera administrator, legge til rette og å koma med gode faglege råd.

### Satsingsområde

- Arbeide for Vinje-senter for diktning og journalistikk. Senteret er lokalisert til Vinje skule/Vinjar
- Førebuinga til A.O. Vinje-jubileet i 2018 med ein nasjonal og ein regional komité
- Samlokalisering av kunstsamlingane på Rauland

Eining for kultur skal òg fylgje opp Kulturplanen med kommunale vedtak og interne prioriteringar.

Kultureininga er ansvarleg for kulturskulen, biblioteka, samordna ungdomsarbeid, friviljugsentralen, tilskipingar, Den kulturelle skule- og barnehagesekken, m.m.

### Vinjehuset kjøken

Kultureininga hadde avtale med Vinje Gardsmat for hausten 2015 om å ta dei tilskipingane dei hadde tid til. Me avslutta avtala med kokken som var der 1. august.

[Vinjehuset - regionalt kulturhus](#)

Kultureininga ynskjer å gje innbyggjarane variert og godt kulturtilbod. Men me slit med å fylle huset på konsertar og teater. Det er vanskeleg å vita kva som skal til for å få folk ut av heimen og inn i storstoga. Me brukar og Blåmann til mindre tilskipingar. Blåmann vert og bruka til ungdomskafé. Det blei laga programhefte for våren og hausten som blei sendt til alle husstandar i Tokke og Vinje.

Folkeakademiet i Vinje stiller på dugnad slik at me får avvikla konsertar og teater på kveldstid på Vinjehuset. «Om de vil ha tilbod i morgon, så bruk oss i dag»

Bygdekinoen vitjar oss kvar 14. dag. Tilstrøyminga til Bygdekinoen sette ny rekord i 2016. Det var mange gode norske filmar. Me hadde fleire fulle hus på «Kvar song ei soge»

Frivilligsentralen blei flutt opp att til Vinjehuset hausten 2016.



«Levande bok» på Vinjehuset

## Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland. Utlånstala er stabile men noko lågare enn me ynskjer. Utlånet går ned på filialane. Endra lesevanar og nye medium blir trekt fram som moglege årsaker. Dette er ein trend det er viktig å jobbe vidare med å snu. Biblioteket på Rauland har blitt pussa opp og bytt plass med skulebiblioteket.

Nedgang i utlån: ca. 1000 færre utlån, frå 6 pr. innbyggjar til 5,98 pr. innb.

Men auke i besøk : ca. 300 fleir besøk, frå 2,06 pr. innbyggjar til 2,1 pr. innb.

Politikarane har stilt spørsmål på dialogmøte om me treng filialane.

## Kulturskulen

Kulturskulen har eit stabilt elevtal , 130, og det er undervising på alle fire skulane i kommunen.

Det er ein motorskule på Edland, men den har ikkje vore i gang hausten 2016. Det er vanskeleg å få tak i lærarkrefter. I Åmot er det tilbod om teater. Det er stor pågang for å vera med i kulturskulen. Det blir lagt stor vekt på å spele saman i grupper eller fellesprosjekt med skulen. Vinje har den største mønstringa i fylket på UKM (ungdomens kulturmønstring)



Vinje Snow 2016 - snoformingsfestivalen

## Kulturhistorisk arkiv

Er framleis plassert på Raulandsakademiet, her finn ein 120 privatarkiv. Dei eldste bøkane frå boksamlinga til Erik Gjestvang er og plassert her.



Vi takkar Rauland historielag for dugnadsinnsatsen dei har gjort i høve Lokalhistorisk arkiv på Raulandsakademiet. Dei har halde ope kvar måndag slik at folk kan koma dit og finne stoff om slekt eller historie. Solveig Loftsgarden har vore der kvar gong medan dei andre i laget har delt på oppgåva.

### Litteraturdagane i Vinje

Litteraturdagane i Vinje, eit årvisst arrangement som blir arrangert i tett samarbeid med kultureininga. I år var det rekordstor deltaking. Mål med dagane er å bli betre kjent med forfattarar frå Vinje og andre delar av landet.



I 2016 fekk deltakarane tilbod om å vitje diktarheimen Midtbø med omvising av Guri og Olav Vesaas. Vesaasforedraget var ved Stein Versto.

Storegutprisen blei delt ut under Litteraturdagane, og i 2016 var vinnaren Are Kalvø.

Det blei og avduka ei statue av Storegut, laga av Kjell Grette Kristensen, ved Edland skule. Dette er eit arbeid som Ragnvald Christenson har jobba med for å få til i fleire tiår.

## Kulturprisen



Kulturprisen for 2015 blei tildelt Vinjeutstillinga på opninga av utstillinga 2016.

## VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Vinje kyrkjelege fellestråd har hatt 5 møter og handsama 16 saker.

Av sakene kan ein nemne:

- Parkering Grunge kyrkje.
- Høyringsuttale om prestenesta i Tokke og Vinje.
- Kyrkjeverjesituasjonen.
- Budsjet , årsmelding og rekneskap.

Bjørn Nome vart tilsett som fjellprest i Tokke og Vinje 01.07.2016.

Per A Sørensen gjekk av med pensjon 01.08.2016.

Kyrkjeverje Kjetil Fulsås døydd 28.nov etter ei tids sjukdom. Kjell Magne Grave har fungert som kyrkjeverje sidan 1.februar.

## Årsstatistikk 2016

Kyrkjer	Gudstenester	Gravferd	Personar	Dåp	Konfirmantar	Vigslar
Grunge	20	11	1014	7	7	2
Rauland	35	10	2403	8	18	6
Vinje/Nesland	31	20	1427	4	13	1
Øyfjell	15	2	500	4	1	0
<b>Totalt</b>	<b>101</b>	<b>43</b>	<b>5344</b>	<b>23</b>	<b>39</b>	<b>9</b>

Det er ein liten nedgang i antall gudstenestar ,men ein auke i antal personar som deltek på desse.

## Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Tokke	Tinn
Netto driftsutgifter per innbyggjar	970	923	1 703	989
N. driftsutg. til kyrkjeformål i % av tot. driftsutg.	1,4	1,4	2,1	1,5
Deltaking i gudstenester sun-/heilagdag pr innb.	1,3	1,3	1,2	1,0
Medlem av Den norske kyrkja i % av tal innb.	79,4	81,6	81,9	76,1
Konsertar og kulturarrangement pr 1 000 innbyggj.	4,0	3,3	603	2,7

Økonomisk hadde Vinje kyrkjelege fellesråd eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 307.365.-. Mesteparten av dette skuldast auke i pensjonsutgifter og kyrkjeverjesituasjonen.

Fellesrådet har i 2016 vore knytta til ei avtale med Vinje kommune om kulturårshjulet. Dette er meint som ei støtte til arrangement i dei ulike sokna.

Det vart kaupt inn ein traktor til Vinje kyrkje for kr. 400.000.-.





Staben Vinje kyrkjelege fellesråd.

## REGIONALT SAMARBEID

Vinje kommune er ein del av Vest-Telemark-regionen. Her er Vinje engasjert og involvert i mange ulike samarbeidsorgan med ulike organiseringsformer, ansvar og deltaking. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar. Vinje kommune er med i 17 ulike interkommunale samarbeid som spenner frå innkjøpsavtaler til vertskapsrollemodellar som til dømes Barnevernssamarbeidet med sete i Kviteseid. Gjennom brukarundersøking og innbyggjarhøyring kjem det fram at folk i Vinje er positive til utvida samarbeid med nabokommunane i regionen framfor kommunesamanslåing.

### Representasjon

Utanom kommunens eigen organisasjon og det regionale/interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark, har ordføraren representert kommunen og regionen m.a. som

- Medlem i Fjellregionsamarbeidet/Fjellnettverket
- Hardangerviddarådet
- Ordførarutvalet for Hardangervidda
- Nasjonalparkkommune/Nasjonalparklandsby
- Verdsarvrådet
- Lyntogforum for Vestlandsbanen over Haukeli
- Fylkesmannens kontaktgruppe for landbruket i Telemark